

# Kommuneplan 2013-2028

## Merknadshefte

### Forord

I dette heftet er det samla merknader i samband med kommunestyret sitt vedtak om å leggje utkast til kommuneplanen for Hå 2013 – 2028 ut til offentlig ettersyn. Dette heftet er laga til kommuneplanutvalet si sluttbehandling av planen. Alle merknadene er fortløpande nummererte og påførde journalpost.

Nr.	Journalp.	Avsendar	Innspel (oppsummert)	Kommentar til merknad
1	13/30884	Vigrestad Næringsforening	Vigrestad Næringsforening oppfordrar kommunen til å få ferdigstilt omkøyringsvegen snarast mogleg og ber om at konkret framdriftsplan blir fastsett.	<b>Merknaden tas til orientering.</b>
2	14/2185	Marit og Johannes Rosslund	Ønskjer ikkje å avstå eigedom til kommunale formål (gnr. 77 bnr. 38).	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Kommuneplanens arealdel er ein oversiktsplan som viser kor i kommunen utbygging kan skje og kva areal som skal nyttast for eksempel til veg. Arealdelen er ikkje meir detaljert enn nødvendig. Omfang av arealbehovet til veg (foreslått kryss Langgata/ny omkøyringsveg på Vigrestad) må vurderast i detaljplanlegging.
3	14/2867	Innbyggjarrådet	Innbyggjarrådet vil presisere at eldre og uføre ikkje må bli gløymde. Ein peikar på kommuneplanen s. 36: «sikre at eldre får ta del i meningsfulle aktivitetar og får kulturtilbod av høg kvalitet. Kultur, trivsel og helse heng saman.» Alle tettstader må ha møteplassar.	<b>Merknaden blir omfatta av mål og strategiar i kommuneplanen og tas ikkje til følgje.</b> Kommuneplanen omtalar eldre og uføre samt behovet for møteplassar ut frå fleire vinklar i kommuneplanen, både i kapitla om gode bu- og nærmiljø og kommunale tenester. Det er m.a. formulert ein strategi i samband med kapitlet om gode bu- og nærmiljø som tar sikte på å legge til rette for uformelle møteplassar, sjølvhjelpsgrupper og ubetalt nabohep for alle. Det er vidare ei målsetting at det skal leggest til rette for auka tilgang til bygningar, utemiljø og andre viktige samfunnstenester gjennom vektlegging av prinsippet om universell utforming. Det er i tillegg laga

				målsettingar om å legge til rette for eigenaktivitet og ulike former for sosiale aktivitetar under delkapitlet for kulturtiltak.
4	14/2875	Marlene Vold, Reidun Husa og Elisabeth Vold	Eigarane av gnr. 77. bnr. 10 ber om at arealet blir gjort om til bustadareal. Dette arealet har ikkje vore nytta i landbrukssamanheng dei siste 8 åra.	<p><b>Forslag til omdisponering tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Eigedommen gnr. 77 bnr. 10 ligg innafør langsiktig grense mot landbruk. Eigedommen blir i perioden 2013-28 hovudsakleg oppretthaldt som LNF-område, men vestre del av eigedommen er vist som grønstruktur med gang- og sykkelveg. Etablering av framtidig grønstruktur med gang- og sykkelforbindelse til dei omkringliggende områda vil styrke bumiljøet til dei etablerte områda og danne grunnlag for realisering av nye fortettingsprosjekt i eit lengre tidsperspektiv. Det er gjort grundige vurderingar av bustadpotensialet og bustadbehovet på Vigrestad i perioden. Med bakgrunn i det bustadbyggingsprogrammet som er lagt til grunn for kommuneplanen, vil det ikkje vere behov for dette arealet til utbygging i planperioden.</p>
5	14/3121	Eirik J. Varhaug	<p>Kryssing av jernbanelinja med ny omkøyringsveg på Varhaug må vurderast i samband med etablering av dobbeltspor.</p> <p>Det bes om at følgjande blir vurdert:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Omgjering av Lerbrekksvegen og vidare Bjorheimsvegen til omkøyring til fv. 504.</li> <li>2. Ny jernbaneundergang ca. 100 m nord for Reiestadbekken (ca. 350 m sør for Fjordland).</li> </ol>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Ny omkøyringsveg utanfor Varhaug er ei omfattande problemstilling som krev eit stort utgreiingsarbeid. Tiltaket er omtalt i tekstdelen, der det går fram at kommunen ved komande planrevisjonar vil vurdere alternative vegtrasear lagt utanfor Varhaug.</p>

			3. Jernbanebrua på nåverande fv. 504 blir gang- og sykkelveg. Anna trafikk blir stengd ved Esso-stasjonen.	
6	14/3424	Utval for helse- og sosialsaker	<p>Hovudmål for folkehelse blir endra til:</p> <p>Fremje folkehelse slik at sosiale helseforskjellar blir utjamna. Folkehelsearbeidet skal fremje innbygarane si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, og søke å førebygge sjukdom, skade og liding.</p> <p>Forslag om nytt delmål for folkehelse:</p> <p>Få nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkinga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Lage ein kommunedelplan for å kunne møte helseutfordringane i kommunen. Sette i verk nødvendige tiltak.</p> <p>Forslag om at ytterlegare strategiar kan konkretiserast i arbeidet med kommunedelplan for folkehelse.</p> <p>Forslag om å legge inn sykkel- og gangsti frå kommunegrensa (Buevegen) til Tjemslandskrysset for å ivareta trafikktryggleiken.</p>	<p><b>Merknadene knytt til hovudmål, delmål og strategit tas til følgje.</b></p> <p>Rådmannen gjer framlegg om å endre målformuleringane i samsvar med vedtak i utval for helse- og sosialsaker.</p> <p><b>Merknaden tas til følgje.</b></p> <p>I gjeldande trafikksikringsplan er det prioritert 10 sykkelvegprosjekt til ein samla kostnad på 150-160 mill. kroner. Gang- og sykkelveg frå Prestakrysset til Skrettinglandsvegen inngår i desse prioriterte prosjekta. Tiltak frå Skrettinglandvegen til kommunegrensa er ikkje prioritert. Kommuneplanen</p>

				skal gjelde heilt fram til 2028, samtidig som det i dei næraste åra kan bli aktuelt å forsterke og utvide sjølve fylkesvegen. Sjølv om det med bakgrunn i vedtatt prioriteringsliste vil gå mange år før gang- og sykkelveg austover mot kommunegrensa kan byggast, bør ein i det komande opprustingsarbeidet ta omsyn til ein mogleg framtidig sykkelveg. Rådmannen tilrår derfor at vegen blir lagt inn slik utvalet ønskjer.
7	14/3579	Peter Oscar-Andersen	Oscar-Andersen meiner at ny omkøyringsveg «bør flyttes slik at den går ned på andre siden av Vigrestad storskule». Det blir halde fram at ved å flytte vegen slik at den kjem på austsida av Vigrestad storskule og Vigrestadhallen, så vil ein kunne ta vegen ned til jernbaneundergangen mot Haugland og vidare ned mot fv. 44. Ein vil dermed unngå vegen frå Stokkalandsmarka mot Brusand, og innbyggjarane på Stokkalandsmarka kan få sin snarveg til fv. 44. Oscar-Andersen ber kommunen skrinlegge den nye vegen teikna inn på søraust- og sørsida av det nye feltet i Stokkalandsmarka. I tillegg til å etablere vegen ned gjennom undergangen ved Haugland, foreslår Oscar-Andersen å planlegge jernbanestoppestad og busshaldeplass ved dette krysset.	<b>Merknaden tas til orientering.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 69, journalpost 14/8211, Fylkesmannen i Rogaland.
8	14/4021	Opplysningsvesenets fond v/Asplan Viak, Kjerlaug Marie Kuløy	Asplan Viak AS tar hand om Opplysningsvesenets fond (OVF) sine grunneigarinteresser. Planforslaget har så langt dei kan sjå ingen	<b>Merknaden tas til orientering.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 14, journalpost 14/5282.

			konsekvensar for eigedommar som OVF eig.	
9	14/4100	Tore Obrestad	<p>Viser til ope møte 3. februar 2014. Obrestad fremmar forslag til ringveg på Vigrestad (sjå kart, ikkje det same som blei vist) med følgjande kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innkøyring til Vigrestad Storskule frå ringvegen, steng innkøyring via Skulehagen. 'Gammal' ringveg vert stengd i krysset etter innkøyringa til Skulehagen.</li> <li>• Innkøyring til industriområdet blir i kryss/ rundkøyring etter bru over jernbanen.</li> <li>• Ringvegen blir lagt så nær idrettsanlegget som mogleg. Sykkelsti/tilkomst til skule/ idrettsanlegg på innsida av ringvegen.</li> <li>• Ringvegen kryssar Langgata aust for storskulen.</li> <li>• Generelt må ein forsøke å redusere talet på innkøyringar på ringvegen.</li> <li>• I staden for å bruke Øengarden til bustad bør ein nytte området mellom ringveg aust og eksisterande busetnad.</li> <li>• Ringveg aust bør fortsette til industriområdet Resi, men området nord for Grønholsvegen bør framleis vere jordbruksjord.</li> </ul>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 69, journalpost 14/8211, Fylkesmannen i Rogaland.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følge.</b></p> <p>«Øengarden» har nå i fleire kommuneplanperiodar lege innafør langsiktig grense mot omkringliggende landbruksareal. Det er i plandokumentet dokumentert at det er behov for utbyggingsarealet i eit 40-års perspektiv, sjølv om det ikkje er vist som utbyggingsareal i kommuneplanperioden fram til 2028.</p>
10	14/4445	Marit Junberg Rosslund m.fl.	<p>Viser til kartskisse som ble presentert av Obrestad på ope møte 3. februar 2014 og fremmar det som ei betre løysing.</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 69, journalpost</p>

				<p>14/8211, Fylkesmannen i Rogaland.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>I brevet er det også skissert ei ny veglenke frå fv 131 (Langgata), nord for eksisterande bustadfelt og ned til Rundvegen. Dette er ein veg som etter rådmannens vurdering vil ha liten effekt for trafikkavviklinga i og omkring Vigrestad.</p>
11	14/4871	Den norske kyrkja, rådgjevar gravplass-saker v/Åse Skrøvset	<p>Stavanger bispedømmeråd har følgjande kommentarar til kommuneplanen:</p> <p>Krav om at det skal vere nok gravplassar til ei kvar tid, jf. gravferdslova § 2.</p> <p>Forslag B vil forsterke den oppdelinga som gravplassen har, men det er positivt at det ikkje er nødvendig å krysse veg ved gravferd.</p>	<p>Inngår/tatt inn i merknad frå Den Norske Kyrkja nr. 16, journalpost 14/5807.</p> <p><b>Merknaden blir omfatta av kommuneplanen og tas derfor ikkje til følgje.</b></p> <p>Krav om at det skal vere nok gravplassar til ei kvar tid er viktig, sjølv om det for planen er valt ei kompakt form som ikkje gir rom for nærare omtale av temaet enn det konkrete forslaget om plassering av utvidinga av kyrkjegarden på Nærbø. Hå kyrkjelege fellestråd har føretatt ei vurdering som viser at sjølv om ein gjennomfører ei viss fortetting på gravplassane og nyttar opp att graver, vil det vere behov for utviding av kyrkjegarden på Nærbø innan 2023. Strategien for komande planrevisjonar er at vurderinga av framtidig arealbehov til gravlundar må vurderast i lys av forventa befolkningsvekst og talet på døde.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.</p>

			<p>Begge forslaga blir liggande inn mot eksisterande bustader. Forslag B er spesielt uheldig i så måte då dei to bustadene i Kviavegen (8 og 10) vil bli liggande inneklemt med gravplassareal på to sider.</p> <p>Krav om at gravplassar skal skjermast mot støy i samsvar med gjeldande retningslinjer.</p> <p>Ved utviding av gravplass skal behov for særskilt tilrettelagte graver vurderast.</p> <p>Eigna grunnforhold, medrekna jorddjupn, kornfordeling og grunnvassnivå er viktig for å etablere ein god og funksjonell gravplass.</p> <p>Gravplassar skal tilretteleggast etter gjeldande reglar for universell utforming.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Arealdelen er ikkje meir detaljert enn nødvendig. Forhold som støyskjerming, universell utforming, eventuelle tiltak i forbindelse med kryssing av veg osv. må vurderast i vidare detaljplanlegging.</p> <p><b>Merknad om universell utforming blir omfatta av kommuneplanen og tas derfor ikkje til følgje.</b></p> <p>Kommuneplanen omtalar universell utforming m.a. i kapitlet om gode bu- og nærmiljø. Gjennom auka fokus på universell utforming blir kommunen sin innsats samla og styrka for å auka tilgangen til bygningar, utemiljø, produkt og andre viktige samfunnsområde, medrekna gravplassar.</p>
12	14/4984	Thomas Peter Randulff	<p>Meiner at alternativ A for lokalisering av ny gravplass på Nærbø er å føretrekke ut frå følgjande omsyn: Gravferd og verdigheit (trafikkstøy, bustad og gardsdrift), Fylkesvegen og trafikk (ikkje problem med kryssing av vegen), Ekspropriasjon (unngå ekspropriasjon av</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Det vart lagt ut to alternativ for utviding av kyrkjegarden på Nærbø til høyring. Det har kome inn ei rekke merknader til spørsmålet, og dei fleste av desse meiner at alternativ A (nord for fv 158) bør veljast. Fordelane for alt. A er først og fremst at det blir</p>



			<p>privatpersonar) og Kyrkjeleg fellesråd (valt B utan å ta opp problema som er nemnde).</p>	<p>liggande med god avstand til eksisterande bustader og som ei direkte utviding av den delen av gravplassen som ligg her frå før. Ulempene gjeld primært auka behov for kryssing av fylkesvegen, særleg for gravfølgje. Det er òg ei ulempe ved denne løysinga at den må kombinerast med ei viss utviding av kyrkjeområdet på sørsida. Parkeringssituasjonen er, som fleire har påpeika, i dag ikkje tilfredsstillande og parkeringsplassen må utvidast. Dette må skje på sørsida av fylkesvegen.</p> <p>Ulempene for alt. B er først og fremst knytt opp mot at utvidinga blir liggande nærare eksisterande bustader og gardstun. Fordelen er at ein oppnår redusert kryssing av fylkesvegen. Ved å nytte parkering, område for driftsbygning, minnelund m.m., jf. merknad frå Hå kyrkjelege fellesråd (nr. 19), som buffer mellom gravplass og bustader, vil noko av denne ulempa kunne reduserast.</p> <p>Etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at alt. B blir valt.</p>
13	14/5239	Ognatunstyret v/Terje Slettebø	<p>Hå kommune har endra Ognatun sin eigedom frå næringsareal til friluft- og turistområde. Styret ønskjer at Ognatun beheld status som næringsareal.</p>	<p><b>Merknaden tas til følgje.</b></p> <p>I kommuneplan for Hå 2007-2022 har Ognatun arealformål næring. I forslaget til ny kommuneplan er Ognatun gitt arealformålet «friluft- og turistområde». Denne formålskategorien er mest i samsvar med den faktiske bruken av anlegget. Det er etter rådmannens vurdering ikkje ønskeleg at det i planen blir opna for</p>

				generell nærings- og industriutnytting av denne eigedommen. Rådmannen gjer med det framlegg om å oppretthalda arealformålet «friluft- og turistområde» for dette området.
14	14/5282	Opplysningsvesenets fond v/Asplan Viak, Kjerlaug Marie Kuløy	Asplan Viak AS tar hand om Opplysningsvesenets fond (OVF) sine grunneigarinteresser. Utvidinga bør vere ved eksisterande gravplass (gnr. 21, bnr. 4). Grunnane for dette er fleire: Fordel å kunne samle gravplassane. OVF sitt forslag er betre eigna til formålet, og er meir fleksibelt med tanke på utvikling. Det er ikkje ønskjeleg at prestebustaden skal bli omkransa av gravplassar, då dette hindrar ei utvikling på lengre sikt. OVF ber om at nytt forslag, ved sida av eksisterande, blir evaluert i planprosessen.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.
15	13/5718	Karl Haugstad m.fl.	Forslag til alternativ rundveg/avlastningsveg. Frå Grønholsvegen blir det ein trase utanfor eksisterande og ny busetnad, som rammar denne inn i samsvar med vedlagte skisse. Traseen blir trekt direkte til nordlege Langgata mot Ødegård, for så å svinge sørover rundt ungdomsskulen og næringsområdet samt idrettsanlegget, for så å munne ut i ei rundkøyring på Haugstadvegen på ein nærare merka stad i nærleiken av	<b>Merknaden tas til orientering.</b> Sjå merknad kommentar til merknad nr. 69, journalpost 14/8211, Fylkesmannen i Rogaland.

			eksisterande busetnad i Haugstadvegen.	
16	14/5807	Den norske kyrkja, Stavanger bispedømmeråd v/Ragna Marie Lura	Stavanger bispedømmeråd vil anbefale at ein gjer undersøkingar både når det gjeld grunntilhøva og omgjevnadane før avgjerd om kva for ein plan ein ønskjer. Dei vil spesielt peike på at det er viktig med buffersone, både når det gjeld støy og nære naboar. Dette kan vega tyngre enn spørsmålet om ein ved gravferd må kryssa ein veg. Det vert bede om at ein tar omsyn til gravplassrådgjevaren sin uttale og deira forslag om ei ny vurdering.	<b>Merknaden tas til orientering.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.
17	14/6130	Vigrestad Næringsforening v/Per Ø. Arvesen	Næringsforeninga har følgjande merknader: 1. Ny ringveg aust for sentrum må avsluttast/påkoplast eksisterande ringveg med ei ny rundkøyring. Denne rundkøyringa må då ivareta full tilkomst til Langgata for personbilar og varetransport. 2. Dei meiner det er viktig at kjørebane i eksisterande kryss ved jernbanebrua, Rundevegen/Haugstadvegen blir utbetra for tunge kjøretøy. 3. Planen tar ikkje omsyn til ny industrietablering i heile kommunen. Det må vere tilgjengelege areal både nord og sør i kommunen. Dei ønskjer at det blir prioritert, då arbeidsplassar er fundamentale for trivsel	<b>Merknaden tas til orientering.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 69, journalpost 14/8211, Fylkesmannen i Rogaland.  <b>Merknaden tas til orientering.</b> Kommunen ønskjer å vere aktiv med omsyn til tilrettelegging for utvikling av nye arbeidsplassar. Samstundes vil kommunen søke å redusere omdanninga av jordbruksareal til nærings- og

			og utvikling.	industriareal. Kommuneplanen har som mål å avlasta presset på jordbruksjorda rundt tettstadene i nord med å tilby næringsareal sør i kommunen. Likevel må det vere noko areal disponibelt opp mot alle tettstadene. T.d. er det vist ei vesentleg utviding av næringsområdet i Stokkalandsmarka.
18	14/6693	Kystverket	Kystverket registrerer at i planforslaget er sjøområda i sin heilskap gitt arealformål. I delar av sjøområda er arealbruken spesielt angitt, mens dei andre sjøområda er planlagde som «bruk og vern av sjø...».	<p><b>Merknaden knytt til karttekniske manglar tas til følgje.</b></p> <p>I kommuneplan for Hå 2007-2022 er sjøområda i sin heilskap viste som kvitt, mens ved bare delar av sjøområda er arealbruken spesielt angitt. I forslaget til ny kommuneplan er sjøområda gitt arealformålet «bruk og vern av sjø». Det er heller ikkje eit krav at alt sjøareal i kommunen skal inngå i planen dersom det ikkje er behov for å avklare arealbrukskonfliktar. Hå kommune har nokre område som er omfatta av verneforskrift der du kan legge omsynssone etter PBL § 11-8 d) sone for bandlegging etter særlov (naturmangfoldloven), t.d. landskapsvernområde med biotopfredingar (som Raunen, Brusand og dei fleste andre kystnære). Desse er ikkje viste med omsynssone og må leggest inn med omsynssone H720 på endeleg plankart. Rådmannen anbefalar at det blir lagt inn bandleggingssoner for dei 3 oppgitte områda. Sjå også kommentar knytt til karttekniske manglar i merknad 69, journalpost 14/8211 Fylkesmannen i Rogaland og merknad nr. 99, journalpostpost 14/8211Rogaland</p>

			<p>Kystverket har merka seg at leiestrekane for hovudlei og bilei blir viste på plankartet som skipslei. Strekane indikerer skipstrafikk, og må ikkje forståast som ei definert avgrensing av farleienes omfang.</p> <p>Dei statleg utbygde fiskerihamneanlegga Sirevåg, Obrestad, Kvasnheim, Madland og Vatnamotholmane må merkast i plankartet som fiskerihamn (FH). I desse hamnene er det i tillegg til dekningsverk avstått areal til fiskeriformål og allmenne formål, som det må tas omsyn til.</p>	<p>fylkeskommune.</p> <p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p><b>Merknaden tas til følgje.</b></p> <p>Rådmannen anbefalar at dei statleg utbygde fiskerihamneanlegga Sirevåg, Obrestad, Kvasnheim, Madland og Vatnamotholmane vert viste som fiskerihamner (FH).</p>
19	14/6818	Hå kyrkjelege fellesråd	<p>Hå kyrkjelege fellesråd har merknader til:</p> <p>Utviding av kyrkjegarden sør for kyrkja (B) vil vere mest tenleg for kyrkja. Dei har registrert reaksjonar på dette alternativet og ein vil be kommunen å vurdere begge alternativa grundig før ein tar saka opp til endeleg fastsetting.</p> <p>Fellesrådet vil peike på følgjande element:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Behov for utvida parkeringsplass.</li> <li>• Driftsbygg for stell av kyrkjegarden.</li> <li>• Graver for andre trussamfunn.</li> <li>• Eige urnefelt.</li> <li>• Minnelund (for anonyme «graver»).</li> <li>• Dei trafikale elementa.</li> <li>• Behov for oppføring av krematorium.</li> </ul>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984 og merknad nr. 14, journalpost 14/5283.</p>

Gangsti ved Nærbø kyrkje. Gangstien må gå over parkeringsplassen til kyrkja/barnehagen fram til Hestebakken og at det ikkje blir ein eigen trase i grensa med kyrkjetomta og husrekka nord for parkeringsplassen. På grunn av den bratte skråninga ned mot husa, vil ei slik løysing redusere parkeringsplassen ved kyrkja. Eit anna alternativ er at gangstien blir ført opp til gangstien langs Store Ring på austsida av barnehagen og kyrkjetomta.

Fellesrådet vil oppmode kommunen om å arbeide aktivt for å opparbeide den planlagde parkeringsplassen ved Varhaug kyrkje. Dagens løysing er svært uheldig.

Avsetning av tomt til kyrkje i tilknytning til Stokkalandsmarka. Hå kyrkjelege fellesråd er glad for at det er sett av eiga tomt til kyrkjebygg i tilknytning til Stokkalandsmarka. I den vidare planlegginga av området må ein sikre at det blir lagt til rette for ein stor nok parkeringsplass for kyrkja og gjerne ved at fleire kan bruke same parkeringsplassen, særleg dersom dei andre sitt behov for parkering ikkje fell på same tidspunkt.

Føreslår at følgjande strategipunkt blir tatt med under kapittel 10:

- Ha eit aktivt og konstruktivt samarbeid med

#### **Merknaden tas til orientering.**

Dette er ikkje ei kommuneplansak og må tas opp i samband med detaljplanlegging.

#### **Merknaden tas til orientering.**

Dette er ikkje ei kommuneplansak. Det er avsett midlar til tiltaket i økonomiplanen for 2014-2017 og forhandlingsutvalet forhandlar om innløysing av grunn til anlegget.

#### **Merknaden tas til orientering.**

#### **Merknaden blir omfatta av mål og strategiar i kommuneplanen og vert derfor ikkje teken til følge.**

Kommuneplanen omtalar m.a. samarbeid med

			<p>idrettslaga, kyrkja og frivillige organisasjonar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 10.5 – Legge til rette for rusfrie tiltak for born og unge.</li> </ul>	<p>idrettslag, kyrkja og frivillige, samt tiltak for born og unge under kapitla om gode bu- og nærmiljø og kommunale tenester. Det går klart fram av kapitlet om gode bu- og nærmiljø at «å oppretthalde og vidareutvikle barne- og ungdomstilboda i det frivillige organisasjonslivet er viktig for å ha gode bu- og nærmiljø». Det er formulert strategiar som seier at kommunen skal «legge til rette for uformelle møteplassar, sjølvhjelpsgrupper og ubetalt nabohep for alle» og gi «økonomisk støtte til lag og foreiningar». Tilsvarande er det under kapitlet for kommunale tenester formulert ei målsetting om at «born og unge skal ha trygge oppvekstvilkår» med tilhøyrande strategiar som m.a. seier at kommunen skal «gi støtte til positive fritidstilbod som lag og organisasjonar står for, og legge til rette for fritidsklubbar/møtestader for ungdom som gode sosialisering- og opplæringsarenaer» og «det skal arbeidast aktivt for å minske presset på born og unge med omsyn til bruk av rusmidlar».</p> <p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Kommunen vil, gjennom dei ordningane som blir trekte opp på sentralt hald, gjera sitt for å støtta opp om kyrkja sitt arbeid.</p>
20	17/7013	Direktoratet for mineralforvaltning	Direktoratet for mineralforvaltning har ingen kommentarar til planforslaget.	<b>Merknaden tas til orientering.</b>

21	14/6854	Eli Margretha Lindtjørn	Lindtjørn protesterer mot den delen av den framlagde kommuneplanen som har følger for hennar eigedom (gnr. 96 bnr. 11, gnr. 96 bnr. 43).	<b>Merknaden tas til følge.</b> Sjå også kommentar til merknad nr. 24, journalpost 14/7108.
22	14/7075	Hå Båtforening v/Einar Tuen	Båtforeninga ønskjer at området frå Langaskjæret som ligg rett ut frå den gamle steinbrygga i Sirevåg indre hamn blir sett av til båtplass.	<b>Merknaden tas ikkje til følge.</b> Sirevåg er planlagt og utbygd som ei fiskeri- og næringshamn. Desse funksjonane kan ikkje kombinerast med funksjonen som småbåthamn. Småbåthamn bør planleggast i Holmane.
23	14/7078	Grete Vinje	Vinje viser til at hennar eigedom er vist som næringsområde i arealdelen og ber om at gnr. 91 bnr. 24 blir bevart som bustadområde.	<b>Merknaden tas ikkje til følge.</b> Spørsmålsstillingar som denne som gjeld enkelteigedommar, og må vurderast i detaljreguleringa av området.
24	14/7108	Hallvard Hegrestad og Bernt Lindtjørn Hegrestad	Kommentar til utviding av bustadfelt på Lindtjørn. Utviding vil ha negativ påverknad m.a. frå kyr i hagen, sandstøv, ulempe i forhold til husdyrgjødsel, støy frå traktor og maskinar m.m. Det kan vere støy frå framtidig steinbrot med stor førekomst av anortositt som ligg 500 m frå bustadfelt. Spørsmål om korleis kommunen vil ivareta bumiljøet til framtidige bebuarar, og om kommunen har vurdert korleis forholdet til arbeidsplass/leikeplass kan ordnast.  Kommentar til Stokkalandsmarka: Sandve, gnr. 109 bnr. 3, 19 og 23. Dei reknar med at kommunen legg vekt på å skåne dyrka jord på	<b>Merknaden tas til følge.</b> Det er ikkje behov for arealet for å dekke bustadbyggingsbehovet i planperioden. Når ei utbygging både vil føre til konflikt med landbruksdrifta og ligg opp mot eit mogleg anortosittfelt, vil rådmannen tilrå at området blir tatt ut av planforslaget.  <b>Merknaden tas til orientering.</b> Delar av eigedommane gnr. 109 bnr. 3 og 19 ligg



			sørsida av omkøyingsvegen. Området innafor planen reknar dei med å kunne drive på lik linje som jordbruksområde på utsida.	allereie inne som utbyggingsområde i gjeldande kommuneplan 2007-2022. I ny kommuneplan blir Stokkalandsmarka/Sandve utvida ytterlegare og omfattar nå meir av eigedommane. Området kan drivast inntil det er aktuelt med utbygging. Det er ikkje lagt opp til vidare utviding av Stokkalandsmarka/Sandve sør for ny omkøyingsveg og nord for Bjårvatnet.
25	14/7253	Kenny Ueland Bøe og Gaute Bø	Omkøyingsvegen på Nærbø er plassert svært nær vår bustadeigedom (Torlandsvegen 102). Det er viktig med støyskjerming og at veggen/skjerminga ikkje øydelegg solforholda. Ønskjer støyvollar mot sør for å avgrense støynivået og redusere innsynet. Veggen må gå langt frå deira eigedom for å unngå innsyn/skyggelegging. Torlandsvegen bør trekkast lengst mogleg mot jernbanen. Ber om skjerming mot støy og innsyn mot aust.	<b>Merknaden tas til orientering.</b> Ny omkøyingsveg aust for Nærbø er drøfta og vurdert tidlegare i planprosessen. Arealdelen er ikkje meir detaljert enn nødvendig. Forhold som støyskjerming, solforhold og plassering av veg mot jernbanen må vurderast i vidare detaljplanlegging.
26	14/7254	Olaug Torland	Den nye omkøyingsvegen er plassert nær hennar bustadeigedom (Torlandsvegen 106). Ho ber kommunen trekke veggen lengst mogleg bort frå hennar eigedom for å redusere støy, innsyn og andre ulemper. Ho ønskjer ikkje støygjerde som vil kaste skygge inn mot eigedomen hennar. Torlandsvegen bør trekkast lengst mogleg mot jernbanen.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 25, journalpost 14/7254.
27	14/7320	Solfrid Marie Egeland	Ønskjer å få omgjort eit område på gnr. 95 bnr.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b>

			53, Kvianes Gard, Ognå frå LNF til bustad, ca. 1 dekar. Ho søkte i 2011 om å få bygge her, men svaret var negativt fordi det var LNF- område og det ville gå med jordbruksjord til veg. Det blir kanskje bygd to nye bustader på nabotomta. Då kan ho truleg få vegrett og unngår å bruke jordbruksjord til veg.	Utbygginga på Ognå bør skje i tilknytning til eksisterande tettstad, og ikkje i husgrupper som satellittar til tettstaden.
28	14//7416	Fiskarlaget Vest v/Britt Sæle Instebo	Viser til vedlagte kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser gyte-/fiskeområde for reke langs heile Hå-kysten, samt eit fiskeområde med aktiv reiskap for torsk, hyse og sei i sørlege del.  Det blir tråla reke opp til ca. 100 m djupne langs Hå-kysten. Det er svært viktig at områda blir ivaretatt, òg i kommunepansamanheng, om kommunepanen gjeld i desse sjøområda.	<b>Merknaden tas til orientering.</b>  Sjå kommentar til nr. 18, journalpost 14/6693.
29	14/7401	Sigmund Qvalbein	Reglar for masseuttak/grustak. For å få lov til å ta ut stein/grus til tilverknad må det forlangast reguleringsplan som tar opp støy- og støvplager.  Regelverk for fasadeendringar på næringsbygg/ idrettshallar/driftsbygningar. F.eks. fasadar kledd med reklame. Særleg i nærleiken av naturperler og attraksjonar som Hå gamle prestegard,	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b>  Masseuttak blir behandla etter reglane i plan- og bygningslova og jordlova. Masseuttak som har noko omfang blir rekna som vesentleg terrenginngrep, og er søknadspliktige etter plan og bygningslova § 20-1 bokstav k, jf. også § 30-4. For større masseuttak blir det kravd reguleringsplan.  <b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b>  Skilt og reklame har ikkje vore eit tema i kommuneplanarbeidet. Det er mogleg, med heimel i plan- og bygningslova, å lage eigne føresegner/reglar

			<p>Kvassheim fyr og nasjonal turistveg. Det bør lagast reglar for korleis reklame kan nyttast på idrettsanlegg.</p> <p>Forvaltning av friområde. Mange trekker ned til sjøen. Problem med hundeposar, bleier, grillar og søppel som kjem frå Europa. Område som skal brukast av fellesskapet skal òg ryddast av fellesskapet. Dette må inn i planen.</p>	<p>for skilt og reklame. Dette bør eventuelt vurderast i eigen sak.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Rådmannen er einig i at det er viktig å vedlikehalde og halde fri- og turområde ryddige. Dette er også poengtert i Grøntplanen. Ut over dette er ikkje temaet ei kommuneplansak.</p>
30	14/7402	Trygve Husveg m.fl.	<p>Dei har følgjande kommentarar/forslag:</p> <p>Ringvegen må leggjast utanfor sentrumsbusetnaden og Storskulen. Grunngeving: Ringvegen bør ikkje gå gjennom bustadområde, trafikk til Storskulen må ikkje krysse ringvegen, trafikk frå Stokkalandsmarka bør ikkje førast inn i sentrum, endring av traseen vil løyse problema med trafikken i Langgata.</p> <p>Forslag om å ta ut Øengarden som utbyggingsområde. Grunngeving: svekka trafikktryggleik ved å opne for busetnad på begge sider av ringvegen, delar av området ligg svært lågt i forhold til vatn og kloakk.</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 69, journalpost 14/8211, Fylkesmannen i Rogaland.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Øengarden ligg innafor langsiktig grense mot landbruk, men blir i perioden 2013 -28 oppretthaldt som LNF-område. Fastsetting av langsiktig grense mot jordbruk er basert på ei utvikling av innbyggartalet i tråd med SSB sitt mellomalternativ og eit valt bustadprogram. Det er gjort vurderingar av behov for areal til offentlege formål, bustad, næring og grønstruktur. Kommunen sine befolkningsframskrivingar tyder på at ein har behov for areala i eit 40-årsperspektiv.</p>

31	14/7410	Maria og Reidar Opstad	<p>Dei ønskjer ikkje at ein legg ny kyrkjegard aust for kyrkja på gnr. 21 bnr. 6.</p> <p>Garden Skjærpe har avstått jord til fleire forskjellige behov og krav. Bustadhuset frå før 1900 er sett i stand som kårustad.</p> <p>Det er urimeleg at private skal avstå når det offentlege eig (Opplysningsvesenets fond).</p> <p>Det treng ikkje vere hindring med gang over vegen.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.</p>
32	14/7505	Solveig Jåstad	<p>Jåstad ønskjer alternativ A for ny kyrkjegard på Nærbø ut frå:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Alternativ A gir mest fred og ro og uroar ikkje.</li> <li>• Unødvendig å ekspropriere jord frå grunneigar når kyrkja allereie eig jord.</li> <li>• Kyrkjegard på alternativ A vil vere meir samla i forhold til alternativ B.</li> <li>• Parkering nærast mogleg kyrkjegarden.</li> <li>• Ved alternativ B vil belastninga på fv. 156, som er parkering forbode, bli mykje større.</li> <li>• Denne vegen er ei gjennomfartsåre til Jærmuseet, på grunn av undergangen.</li> <li>• Alternativ B kan skape meir trafikkfarlege situasjonar, også for utrykkingskøyretøy.</li> <li>• Undergang ved alternativ A vil bli eit fordyrande element.</li> </ul>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.</p>

33	14/7554	Hå Senterparti v/Svein Høyland	<p>Hå Senterparti har tre forslag:</p> <p>1. Næringsområdet i Steinabakken blir tatt med i ny kommuneplan.</p> <p>2. Omkøyringsvegen på Vigrestad blir tatt ut av ny kommuneplan primært av jordvernomsyn.</p> <p>3. Omkøyringsveg frå Gudmestadvegen blir lagt i ytterkant av Pyttaskogen for å bevare mest mogleg av skogen til friområde.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>I forbindelse med planlegging av ny trase for omkøyringsvegen frå Stokkalandsmarka fram til fv. 44 nord for Brusand er det avdekka fleire arkeologiske funn i området tidlegare avsett til næringsområde. Rådmannen tilrår at kommunen prioriterer å få friggitt areal til veggen, og omdisponerer næringsområdet til friområde.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Det vert vist til at Fylkesmannen har motseiing til denne omkøyringsvegen.</p> <p>Ny omkøyringsveg nordaust for Vigrestad har lege inne i diverse planar i mange år. Med den forserte og sterke utbygginga som planen nå legg opp til i Stokkalandsmarka, blir det endå viktigare å leie gjennomgangstrafikk utanom Langgata. Rådmannen har starta ei eiga utgreiing for å klargjera behovet for denne veggen og nytta dette som grunnlag til å ta opp spørsmålet med Fylkesmannen med sikte på å få trekt motseiinga.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Rådmannen fremma i sitt utkast til arealplan for Nærbo ei linjeføring for omkøyringsvegen nord for Pyttaskogen. Kommunestyret valde ei meir sørleg linjeføring som deler av ein del av Pyttaskogen mot nord. Dette reduserer friluftsområdet noko, men opnar</p>
----	---------	--------------------------------	--	---

				<p>samtidig for ei redusert utbygging av Nærbø mot aust. Rådmannen kan ikkje sjå at det er kome fram nye moment i høyringsrunden som skulle tilseie at merknaden skulle medføre endringar i planen.</p>
34	14/7588	Helene Østby Larsen	<p>Østby Larsen kommenterer fleire forhold knytt til areal, trafikk, parkering og estetisk oppleving.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.</p>
35	14/7591	Bjerkreim kommune	<p>Formannskapet i Bjerkreim handsama høyringa i møte den 3. mars 2014 sak 027/14 og fatta samrøystes uttale til planforslaget.</p> <p>Vedtaket omfatta m.a.: Det er flott at Hå kommune ønskjer å ta omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet ved auka vekst fram mot 2028. Ei naturleg slutning av ein slik strategi er at Hå, som IVAR-medlem, går inn for å velje Store Myrvatn som ny vasskjelde for Nord-Jæren framfor Storavatnet i Bjerkreim. Høyringsforslaget er godt med tanke på utgreiing av arealbehova til nye bustader, offentleg verksemd og næringsverksemd i kommunen. Eit tilsvarande oppsett kan med fordel også gjerast for vassbehova.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Spørsmålet om val av hovudvasskjelde for vassforsyninga i IVAR-området må etter rådmannen si vurdering vurderast og behandlast som eiga sak.</p>
36	14/7696	Frode og Sissel Solberg Larsen	<p>Larsen er i mot alternativ B av fleire grunnar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Med alternativ B kjem det gravplass på to sider og gangtrafikk mellom dei to.</li> <li>• Gravplassområdet blir delt i tre. Det er betre</li> </ul>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.</p>

			<p>jordbrukspolitik å samle det på to.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Jorda i alternativ B er i matproduksjon og vil verte vanskelegare å nytte ved dette.</li> <li>• Alternativ B vil gi meir støy frå fv. 156.</li> <li>• Alternativ B vil gi meir press på fv. 158.</li> <li>• Terrenget i alternativ B er svært blaut.</li> <li>• Alternativ A kan sikre kryssing av fv. 156.</li> <li>• Alternativ A kan gi god kryssing for gåarar, ungar og gravfølgje ved bruk av undergang.</li> </ul> <p>Larsen meiner at alternativ A er det beste.</p>	
37	14/7732	Kåre Qvalbein	<p>På garden Kvalbein gnr. 102 bnr. 1 blei det lagt fram planar om å utvikle delar av garden til ferie/fritidsformål. Den gamle løa skulle byggjast om til serverings- og selskapslokale, og på eit område med lite produktiv skog ville dei bygge 10 høgstandard utleigehytter.</p> <p>For å finansiere bygging av nytt lausdriftsfjos kan Qvalbein tenke seg at han i staden for å bygge utleigehytter vil bygge hytter for sal.</p> <p>Qvalbein ber om at det i kommuneplanen blir gjort endringar slik at det innafor Kvalbein 963 felt H1 blir høve til å skilje frå hyttetomter for sal. Det hadde òg vore greitt om den delen av skogen som ligg på deira eigedom hadde blitt merka som område for fritidsbustader. Då kunne dei lettare</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Det er i planforslaget lagt til grunn at det ikkje skal opnast for bygging av fleire fritidshytter i kommunen enn det som tidlegare er lagt inn som hytteområde. Dette gjeld ikkje minst innafor området for kjerneområde landbruk som det her er tale om. Som ein del av reiselivsområda på Kvalbein er det opna for eit visst tal utleigehytter. Desse kan oppretthaldast som utleigehytter, men bør ikkje omgjerast til fritidshytter på fritt omsettelege sjølveigartomter.</p>

			flytt delar av grensene for reguleringsplanen litt inn i skogkanten for å gjere dei mindre synlege.	
38	14/7741	Geir Opstad og Leiv Larsen v/Ryger Advokatfirma AS, Paul Aakre	<p>Ryger Advokatfirma representerer Opstad og Larsen som vil bli ramma av mogleg kyrkjegard.</p> <p>Dei har følgjande moment:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Jordbruk, verken jorda nord eller sør for vegen er verna av ei langsiktig grense.</li> <li>• Jordbruk, jord på sørsida blir tilsvarende nytta til mat- og grasproduksjon.</li> <li>• Trafikktryggleik, den optimale løysinga vil vere undergang under Skjerpevegen.</li> <li>• Støy, terrengforholda på nordsida gjer at området er mindre eksponert for støy.</li> <li>• Utsikt, skal vere betre på nordsida.</li> <li>• Regn – drenering, heile området på sørsida av vegen har stått under vatn.</li> <li>• Naboskap, ein kyrkjegard er ikkje det føretrekte naboskapet for bustadområde.</li> <li>• Spesielle ulemper, Larsen viser til søknad om å bygge hus nr. 2 og Opstad viser til ønskje om at garden skal vere i full drift.</li> </ul> <p>Opstad og Larsen ber om at, ut frå ei samla vurdering, kyrkegarden blir lagt på nordsida.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.</p>
39	14/7801	Jærmuseet	Alternativ B vil få fleire uheldige følgjer for	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b>



		v/Målfrid Snørteland	<p>trafikkavviklinga enn alternativ A.</p> <p>Ved gravferder skaper trafikk- og parkeringsforholda rundt kyrkja problem for trafikken. Sjølv om det er parkering forbode langs fv 156, blir dette sjeldan respektert. Då vegen er smal, blir ofte passasjen for større køyretøy for trong og hindrar framkomsten til museet. Jærmuseet har besøk på opp mot 50.000 gjester årleg. Ein stor del kjem med buss samtidig som det er gravferder. Det hender bussane må sleppe av passasjerane ved kyrka då dei ikkje kjem vidare. Dette kan bli alvorleg dersom museet har behov for utrykkingskøyretøy.</p> <p>Jærmuseet rår derfor til at alternativ A blir valt.</p>	<p>Jærmuseet framfører her ein argumentasjon som er vanskeleg å forstå. At plassering av gravplassen nord for fv 158 eller søraust for kyrkja skulle ha ulik og registrerbar innverknad på trafikken på fv 156 fram til museet, er det etter rådmannens vurdering ingen haldepunkt for å seie. Rådmannen er elles einig i at det er behov for utvide og rydde opp i parkeringssituasjonen rundt kyrkja. Trafikalt vil den beste løysinga her vere å strame opp og utvide eksisterande parkeringsplass i tilknytning til sjølve kyrkjebygget sør for fv 158, dvs. vest, sør eller aust for kyrkjebygget.</p>
40	14/7776	Kurt Fuglestad v/Haver Advokatfirma Ans, Elisabeth Nygård	<p>Haver representerer Fuglestad (gnr. 26 bnr. 7).</p> <p>Det blir foreslått ringveg mellom Gudmestadvegen i nord og Vålandsvegen i sør. Veg i samsvar med planforslaget vil få svært negative konsekvensar for Fuglestad sin eigedom. Dette i form av arealtap; dyrka jord. Vegen vil føre til omfattande driftsulemper, ved at landbrukseigedommen blir delt.</p> <p>Fuglestad stiller seg elles kritisk til om det er behov for vegen. Tungtransport frå Varhaug kan kjøre utanom sentrum via ringvegen ved Rosk, mens trafikk frå næringsområdet nyttar</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Ny omkøyringsveg aust for Nærbø er drøfta tidlegare i planprosessen. Ny omkøyringsveg blir planlagt etter ei linjeføring vedtatt 8. oktober 2013 i forbindelse med KPU-sak 034/13.</p> <p>Kommuneplanen legg opp til ei sterk fortetting på Nærbø. Sjølv med ei vidare satsing på Jærbanen, vil utbygginga medføre sterk auke i biltrafikken. For å kunne planlegge og opparbeide gode og trafikktrygge bumiljø, er det viktig å legge til rette for eit vegsystem som leiar biltrafikken snarast råd ut på overordna vegnett og avlastar Nærbø for gjennomgangstrafikk..</p>

			<p>Gudmestadvegen vidare over til Bue.</p> <p>Det bes derfor om at ny ringveg mellom Gudmestadvegen og Vålandsvegen går ut.</p>	
41	14/7825	Handelsnæringa på Vigrestad v/Jan Egil Tjessem m. fl.	<p>Handelsnæringa kan ikkje godta at vegen blir stengd eller lagt om slik at det vanskeleggjer innkøyring mot sentrum. Dei viser til folkemøte 3. februar 2014 der det blei argumentert mot stenging. Det er viktig at det blir lagt til rette for tilgjengelegheit, for at handelen skal oppretthaldast på Vigrestad.</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Endeleg utforming av krysset Langata/omkøyringsvegen må vurderast ved utarbeiding av reguleringsplanen. Det kan då vere aktuelt å utarbeide fleire alternativ med ulike kryssløysingar der fordelar og ulemper med dei ulike løysingane kan vurderast mot kvarandre.</p>
42	14/7930	Nærbø IL	<p>Nærbø Idrettslag meiner det er uheldig at ny omkøyringsveg går gjennom Pyttaskogen.</p> <p>Pyttaskogen blir brukt aktivt som treningsarena av Nærbø Idrettslag. Trening er lagt til området på grunn av joggeløyper og treningsmoglegheiter. Pyttaskogen er eit av få grøntområde i sentrum, og det einaste som ligg i nærleiken av Nye Loen.</p> <p>Nærbø idrettslag foreslår at omkøyringsveg blir lagt utanom Pyttaskogen. Dei ønskjer at Pyttaskogen kan behaldast slik han er i dag.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 33, journalpost 14/7554.</p>
43	14/7933	Karin og Eyolf Bjørnsen	<p>Dei er i mot alternativ B av fleire grunnar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å legge ein gravplass rundt bustader vil ikkje gi noko godt miljø.</li> <li>• Gravplassområdet blir delt opp i tre. Det er betre jordbrukspolitikk å samle det på to.</li> </ul>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.</p>

			<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jorda i alternativ B er i matproduksjon og vil bli vanskelegare å nytte.</li> <li>• Alternativ B vil få meir støy frå fv 156.</li> <li>• B vil gi meir press på fv 158. Feilparkeringar fører til at større kjøretøy ikkje kjem fram.</li> <li>• Terrenget i alternativ B er svært blaut.</li> <li>• A kan gi ei sikrare kryssing av fv 156.</li> <li>• B vil gi større avstand mellom dei to store gravplassane.</li> </ul> <p>Kommunen må derfor gå for alternativ A.</p>	
44	14/7938	Karin Hansen Nærland m. fl.	<p>Dei har følgjande konkrete merknader:</p> <p>a. Traséløysing for rundveg fører trafikken frå Stokkalandsmarka gjennom delar av Vigrestad sentrum. Dette vil gi nedsette bukvalitetar og skape trafikkfarlege situasjonar.</p> <p>b. For å realisere traséløysinga vil fleire hus rivast.</p> <p>c. Langgata skal stengast ved Rundvegen med ny tilkomst til sentrum. Stenginga vil føre til vanskelegare tilkomst til sentrum.</p> <p>d. Det vil mest truleg lagast vegar for å gi eigedommane i Flådavegen felles avkøyring. Dette vil føre til meir arealbruk og kostnader.</p> <p>Dei er sterkt imot rundvegen, og kan ikkje sjå behovet for denne. Dersom det skal leggast ein</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 69, journalpost 14/8211, Fylkesmannen i Rogaland.</p>

			<p>rundveg vil forslaget som blei vist på det opne møtet 3. februar vere å føretrekke.</p> <p>Denne traséløysinga vil langt på veg føre til at problema i punkt a-d ovanfor blir unngått.</p> <p>Dei føreslår at traséen blir endra som vist i skisse.</p> <p>Langsiktig grense for landbruk blir trekt langs regulert areal for bustad og næring.</p>	
45	14/7940	Alf og Elsa Siqveland	<p>Alf Siqveland gnr. 76 bnr. 89 og Elsa Siqveland gnr. 76 bnr. 10 har følgjande innspel til kommuneplanen: Dei reagerer sterkt på planane for ny omkøyringsveg på Vigrestad.</p> <p>Dette grunngjev dei med følgjande punkt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Dyrka jord av topp kvalitet blir bygd ned.</li> <li>2. Vegen vil dele gardane i to.</li> <li>3. Behov for omkøyringsveg?</li> <li>4. Ny omkøyringsveg må skrinleggjast.</li> </ol>	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b>
46	14/7941	Terje Tjemsland og Torhild Wigestrånd	<p>Tjemsland og Wigestrånd ønskjer at eigedomen deira gnr. 53 bnr. 15 på Tjemsland på Varhaug tas med som framtidig bustadområde i ny kommuneplan.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Eigedommen ligg innafor langsiktig grense mot landbruk, men blir i planforslaget for perioden 2013-28 oppretthaldt som LNF-område. Det er gjort grundige vurderingar av bustadpotensialet og bustadbehovet i perioden. Kommunens befolkningsframskrivingar tyder på at kommunen ikkje har behov for meir bustadareal utover områda som allereie er lagt inn ved denne kommuneplanrevisjonen.</p>

47	14/7942	Styret i Nærbø Sentrumsforening	<p>Det blir stilt spørsmål om kommunen har ein eigen plan for sentrumsområda.</p> <p>Nærbø sentrumsforening meiner det er viktig at kommunen er ein aktiv part i utviklinga, og legg til rette for bustad og handel i sentrum. Viktig at det blir sett rammer for dette.</p> <p>Dei er uroa for ny etablering av industri på Nærbø. Det er ikkje sett av areal til dette. Det må leggest til rette for nye industritomter innafor nokre av disse plassane: Bjorhaug, Pytten, Gausland, Kviamarka.</p> <p>Det må vere mogleg å etablere seg i Nærbø både for unge og eldre. Handel, industri og bustad er viktig for utviklinga framover.</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Den 27.03.2014 vedtok kommunestyret følgjande: «Kommunestyret ber rådmannen laga ei sak om ny sentrumsplan for Nærbø. Saka må definere område og omfang for planområdet». Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette forslaget.</p> <p>Hovudmålet i planarbeidet er å konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka for å takle framtidig vekst, samtidig som nedbygging av grøntareal og matjord skal avgrensast. Ein vesentleg del av bustadbygginga skal skje ved fortetting og transformasjon av eksisterande industriareal innafor eksisterande tettstad.</p> <p>Kommunen har som mål å avlasta presset på jordbruksjorda rundt tettstadene i nord med å tilby næringsareal sør i kommunen. Likevel må det vere noko areal disponibelt for å dekke bedriftene sitt behov for lokalisering på Nærbø, både av omsyn til transportkostnader og til veksten i tettstaden når folketalet aukar.</p> <p>Med desse faktorane som bakgrunn, har ein vurdert kor mykje nærings- og bustadareal som ligg inne i gjeldande planar og kva behov som kan oppstå i planperioden.</p> <p>Det er m.a. lagt inn 10 daa nytt næringsareal mellom fv. 215 (Torlandsvegen) og jernbanen, 29 daa nytt næringsareal nord for fv. 181 (Gudmestadvegen), 17</p>
----	---------	------------------------------------	--	--

				daa nytt industriareal på Gausland og 26 daa nytt areal til næringsmiddelindustri i Kviamarka.
48	14/8108	Block Watne AS v/Egil Garvik	<p>Block Watne har følgjande innspel til føresegnene:</p> <p>1.2.5 Formulering ang. avgrensing av garasje/uthus på 50 m<sup>2</sup> kan skape dispensasjonar. Det vert utelukka bygging av grillhytte/leikestove utanom garasje på 50 m<sup>2</sup>. Det er strengare krav enn PBL stiller. Block Watne foreslår at kommunen følgjer krav som blir stilte av PBL.</p> <p>1.2.7 Forbodet mot å dele frå og bygge ut tomter mindre enn 1 200 m<sup>2</sup> utan godkjent reguleringsplan bør ikkje gjelde for randsoner. Utanfor sentrumsområda bør det vurderast i kvart enkelt tilfelle og ikkje låsast til arealstorleik. Block Watne foreslår: Utan at det inngår i godkjent reguleringsplan, kan ikkje bustadeigedom i sentrumsområda mindre enn 1 200 m<sup>2</sup> delast for bygging av nye bueiningar.</p> <p>1.8.15 Kravet er umogleg å gjennomføre på alle bustadprosjekt. Der busetnad ligg i terreng blir innkøyring til p-kjellaren angripen frå nedre veg. For å tilfredsstille krav til UU-tilkomst må gjesteparkering/HC-parkering gå frå øvre veg. Dermed kan det bli 2 tilkomststar frå offentleg veg. Tilkomst til utbyggingsfelt må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Block Watne foreslår å fjerne punkt</p>	<b>Merknader om eventuelle endringar i føresegnene vil bli lagt fram i eiga sak.</b>

			<p>1.8.15.</p> <p>1.8.16 Block Watne meiner at kravet om tal på sykkelparkeringsplassar for bustader er for strengt. Statens vegvesen og fylkeskommunen anbefaler 2 plassar per bueining. Arealbehov ved felles sykkelparkering er 1,25-1,5 m<sup>2</sup> per sykkel i høve til kommentarar til TEK 10 og Sintef. Block Watne foreslår følgjande: Det blir sett av 2 sykkelparkeringsplassar per bueining kor 1 av desse blir tillate plassert i sportsbod. Øvrige plassar skal etablerast på bakkenivå eller i parkeringskjellar.</p>	
49	14/8109	Jernbaneverket v/Liv Oftedal	<p>Det blir foreslått flytting av Brusand stasjon eit stykke lengre nord til området ved ny fv 133. Dette kan vere ei god løysing ettersom tilknytninga til dei nye utbyggingsområda i Stokkalandsmarka blir vesentleg betra. Flytting av Brusand stasjon og stasjonsstrukturen generelt vil bli vurdert i planarbeidet for dobbeltspor Nærbø-Egersund.</p> <p>Med tanke på klimaendringar med auka nedbørintensitet og fare for flaum må Brusand og Ognastasjonar trekkast fram. Brusand ligg 3 moh., Ognastasjon 4 moh. og blir sett på som særst utsette for flaum. Jernbaneverket foreslår at det blir lagt inn flaumsoner på plankartet i dei utsette områda.</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Rådmannen er einig i at kommunen må sjå på temaet flaum/springflo/stormflo og «faresone flaum» på Brusand og Ognastasjon. Omsynssone «faresone flaum», H320, vises ikkje på plankartet. Det bør utarbeidast ei slik omsynssone ved kommande rullering. Dette krev ei eiga simulering av flaum i kombinasjon med havstiging, springflo og bølgeflo for å få ei reell avgrensing av</p>

			<p>Parkeringskrav er innarbeidde i arealplanens føresegner. Slik Jernbaneverket oppfattar teksten i punkt 1.8.2 i føresegnene gjeld kravet ikkje for parkeringsplassar for dei togreisande, men for alle typar bruk/bygg i tettstadene. Dersom føresegna skulle bli gjort gjeldande også for Jernbaneverkets parkeringsareal vil det seie at reduksjon i talet på parkeringsplassar for dei togreisande først kan skje når det føreligg eit tilfredstillande matebusstilbod i områda.</p> <p>Jernbaneverket ber om at alt areal tilhøyrande Jernbaneverket blir avsett til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur med underformål jernbane.</p>	<p>flaumutsette område.</p> <p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Kravet vil ikkje gjelde parkeringsplassar for omstiging til kollektivtransport. For slike anlegg må det vere eit mål å etablere tilstrekkeleg p-plassar for maksimal bruk av kollektive transportmidlar.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Jernbaneverket eig ca. 1183 daa i Hå kommune. Areal tilhøyrande jernbaneverket i stasjonsområda er vist som samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur med underformål jernbane. Jernbanelinja er vist som underformål jernbane gjennom heile kommunen. For å styrke moglegheiten for framtidig dobbeltspor er det i tillegg lagt inn ei omsynssone langs jernbanen som reserverer areal for breiddeutviding og kurveutrettingar. Delar av jernbaneverkets/Rom eigeoms areal i kommunen er disponert til andre formål, t.d. er Pyttaskogen og Jernbaneskogen på Nærbø delvis vist som friluftsområde.</p>
50	14/8112	Gunleif Kindervåg	Kindervåg foreslår at ny kommuneplan skal seie noko om ny trasé for fv. 44 frå Oгна til Hellvik.	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Innspel om ny trasé for fv. 44 frå Oгна til Hellvik er ei omfattande problemstilling som krev eit stort</p>



				utgreiingsarbeid som ikkje kan kombinerast med det pågåande planarbeidet. Innspelet tas derfor ikkje med på arealplankartet, men kan eventuelt vurderast ved komande planrevisjonar.
51	14/8113	Ingve Dubland	Dubland stiller seg undrande til reguleringa av dyrka jord på nordsida av Bratlandsåna til friområde. Han meiner det ikkje skal regulerast.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Det er på dette punktet ikkje gjort endringar i forhold til gjeldande kommuneplan 2007-2022. Det omtalte området nord for Brattlandsåna blei avsett som friområde allereie i kommuneplan 2003-2018. Som det er framheva både i sjølve kommuneplanen og i Grøntplanen, er det viktig å sikre gode og samanhengande grøntdrag både i tettstadene og frå tettstadene ut til dei større friluft- og naturområda utanfor tettstadene. Området ved Bratlandsåna er del av eit slik større grøntdrag og bør oppretthaldast.
52	14/8115	Magnus Bjorland	Bjorland ber om at Nærølista sitt forslag til arealplan for Nærø blir tatt til følgje.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b>
53	14/8118	Arild Hellenen m. fl.	Dei ber om at industriområde 14b/15a blir tatt ut av kommuneplanen og regulert til friområde på grunn av: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Industriområdet ligg rett ut mot storhavet.</li> <li>• Industriområdet ligg rett ved eit bustadområde.</li> <li>• Området blir flittig brukt til turområde.</li> <li>• Landskapet ved innseglinga blir øydelagt.</li> </ul>	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Det er lagt ned store investeringar i utbygging av Sirevåg hamn med tilhøyrande nærings- og industriareal. Ein viktig del av kommuneplanarbeidet er å finne nye område for næringsetablering. I ein kommune med stor utpendling av arbeidskraft er det viktig ikkje å redusere på tidlegare godkjente næringsareal.

			<ul style="list-style-type: none"> <li>• 300 underskrifter for at det er tilstrekkeleg med industri og at noko av det opphavlege Sirevåg må bevarast.</li> </ul>	
54	14/8120	Frode Solberg Larsen	<p>Pyttaskogen er det siste grønne området i sentrum som har skog som kan nyttast til undervisning. Fleire nyttar skogen til turområde/treningsområde.</p> <p>Larsen foreslår at vegen rundt Nærbø burde vore trekt nordaust om skogen slik at den kan vere slik han er. Det er ikkje alternativ til å ha slik undervisning i kort avstand frå skule/barnehage.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 33, journalpost 14/7554.</p>
55	14/8121	Stokkalandsmarka vellag v/Nils Reidar Mellemstrand	<p>Hovudveg frå Stokkalandsmarka til rv 44:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vegen er lagt mellom sentrum, skule og barnehage. Vellaget er negative til dette. Ringveg sør for planlagt felt kunne få trafikken utanom.</li> <li>• Vellaget ønskjer at vegen blir lagt lenger nord. Jernbanestasjonen må flyttast lenger nord for å ligge i vegkryss mellom hovudveg/jernbane.</li> <li>• Vellaget ønskjer at sykkelsti langs ny hovudveg blir høgt prioritert og bygd samstundes med veg.</li> </ul> <p>Grøntareal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vellaget er positive til samanhengande</li> </ul>	<p><b>Merknadene tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Spørsmålet om trasear for hovudvegnettet internt i Stokkalandsmarka og vegtilknytning ned til fv 44 har vore gjennom ein omfattande utgreiings- og avgjerdsprosess gjennom fleire år. Det er nå planlagt eit vegsystem som vil fordele trafikken til og frå Stokkalandsmarka på Haugstadvegen mot nord forbi Vigrestad og sørover til Fuglestadvegen og ut til fv 44 nord for Brusand. Planlagd rundkøyring ved sentrumsområdet vil utgjere eit «nullpunkt» for trafikk nordover mot Sandnes – Forus – Stavanger. Haugstadvegen gjennom Stokkalandsmarka vil med det først og fremst ha karakter av hovudsamleveg ut og inn av området, og må ikkje vurderast som ein omkøyringsveg for trafikk som ikkje har målpunkt i Stokkalandsmarka. Traseen mot sør, dvs ny</p>

			<p>grøntområde og godt utstyrte leikeplassar. Vellaget ønskjer nok midlar til å bygge desse og at det blir sett av midlar til vedlikehald.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vellaget ønskjer at det blir fokus på område for lufting av hund. Brukarar av Haugstadskogen klagar stadig på hundar som ikkje går i band.</li> </ul> <p>Sentrumsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vellaget ønskjer større sentrumsareal.</li> </ul> <p>Sport/kultur:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vellaget ønskjer fleirbrukshall, stor utandørs fotballbane og basseng i Stokkalandsmarka.</li> </ul> <p>Arealplanlegging til bustader i Stokkalandsmarka:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vellaget ønskjer blokker og fortetting inn mot sentrum og ein nøye gjennomgang for at alle skal få best mogleg sol/utsikt.</li> <li>• Vellaget ønskjer at det blir lagt til rette for at dei som bur i "Markå" lett kan ta i bruk stranda, og då må ein sykkelsti ned dit prioriterast.</li> </ul>	<p>Fuglestadveg, vil også få ein viktig funksjon som tilkomstveg til ny Brusand jernbanestasjon. Pga. avstanden til Vigrestad er det ikkje aktuelt å flytte denne stasjonen lenger nordover.</p> <p>Det er lagt til grunn i planane at det skal etablerast ein god og attraktiv gang- og sykkelvegforbindelse frå Stokkalandsmarka ned til ny jernbanestasjon med vidare forbindelse ned til Rennå og jærstrendene.</p> <p>Etter rådmannens vurdering er det nå ikkje kome fram opplysningar som tilseier at sentrumsområdet bør gjerast større. Dersom det seinare viser seg eit auka behov, kan dette vurderast ved seinare revisjonar av kommuneplanen, eventuelt ved regulering av området.</p>
56	14/8122	Mikal Skibstad	<p>Vegen til Stokkalandsmarka. Vegen vil vere til lite eller ingen hjelp. Skal trafikken ned på rv 44 nyttar det ikkje med fleire km omveg. Ny veg må ned på Friestad (eller lengre nord) som i tidlegare planar.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følge.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 55, journalpost 14/8121.</p>

			<p>Langgata på Vigrestad. Sentrum må ikkje stengast heilt av. I tillegg meiner han at sykkel skulle vore prioritert. Nå blir det høgt fortau på begge sider som er dårleg eigna til sykkel med kantar opp og ned i alle avkøyringar.</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 69, journalpost 14/8211.</p>
57	14/8126	Oddgeir Østrem	<p>Hå kommune bør i kommuneplanen innarbeide som satsingsmål at prisar på kollektivtransport skal reduserast med minst 30 prosent i forhold til dagens nivå. Då vil utbyggingsområde som Stokkalandsmarka bli attraktive for bustadsøkande personar med arbeid knytt til oljeindustrien lokalisert i Stavangerregionen.</p> <p>Østrem trur kommunikasjonsløysinga ikkje er tilstrekkelig og tenleg for å gjere området attraktivt for dei pendlarane som sannsynlegvis vil busette seg der. Han trur det er viktig at tilkomsten til området lettare må kunne knytast til E39. Det blir foreslått å etablere ein veg frå Stokkalandsmarka til fv 147 til fv 504 og vidare til E39. Kanskje ein veg i det bandlagde området for høgspenlinje.</p> <p>Østrem synest det verkar fornuftig med omkøyringsveg aust for Vigrestad sentrum, men burde ikkje LNFR-området heller avsetjast til</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Kommuneplanen ser det som viktig å gjere jernbanen til eit enda meir attraktivt transportmiddel. Viktige føresetnader for dette vil vere vidareutvikling av Jærbanen med dobbeltspor og halvtimes rutefrekvensar mellom Sandnes og Eigersund. Flytting av jernbanestasjonen på Brusand nordover slik at Stokkalandsmarka kan få eit attraktivt kollektivtilbod. Det er eit fylkeskommunalt ansvar å ta stilling til reduksjon av priser på kollektivtransport.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Rådmannen kan vanskeleg sjå behovet for å knyta Stokkalandsmarka til E39 med eit nytt hovudvegnett. Kostnadane for eit slik anlegg står ikkje i noko rimeleg forhold til det behovet vegen eventuelt skulle dekke.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Kommunen bør vere tilbakehalden med å omdisponere LNF-område, og kommunens befolkningsframskrivingar</p>

andre formål som bustader, næring m.m.

Østrem påpeiker at tungtransport frå E39 og ned til industriområdet i Kviamarka framleis skal gjennom Varhaug sentrum. Løysinga verkar lite framtidsretta. Etter Østrem si meining burde det lagast ein diagonal frå E39 til Kviamarka. For å spare jordbruksareal kan ein slik diagonal byggast som bru over jordbruksareala.

Østrem meiner omkøyringsvegen på Nærbø er kritikkverdige på grunn av at han er planlagt gjennom Pyttaskogen.

Området mellom ny ringveg og sentrum er sett av som LNFR. Kvifor blir ikkje desse areala omgjorde til industri/næring eller bustad? Areal avsett til næring er lågt sett i forhold til tidsperspektivet.

Det er sett av lite til framtidig bustadbygging. Areala aukar ved at hageområde langs Torggata blir tilrettelagt for blokkbustad. Vidare ligg eit lett tilgjengeleg areal vest for Kreklingvegen.

Gravplass, området B på austsida må fjernast.

tyder på at kommunen ikkje har behov for å avsetje ytterlegare areal ved denne kommuneplanrevisjonen. Resterande areal innanfor langsiktig grense kan dermed nyttast i komande planrevisjonar.

**Merknaden tas ikkje til følgje.**

Sjå kommentar til merknad nr. 5, journalpost 14/3121.

**Merknaden tas ikkje til følgje.**

Sjå kommentar til merknad nr. 33, journalpost 14/7554.

**Merknaden tas ikkje til følgje.**

Området mellom ny omkøyringsveg og sentrum bør oppretthaldast som LNF. Det er gjort vurderingar av behov for ulike arealformål både i planperioden og i eit 40-årsperspektiv. Befolkningsframskrivingane tyder på at kommunen ikkje har behov for å avsette ytterlegare areal ved denne kommuneplanrevisjonen. Resterande areal innanfor langsiktig grense kan dermed nyttast i komande planrevisjonar. Når det gjeld kommentar om at det er avsett for lite areal til næring, sjå kommentar til nr. 47, journalpost 14/7942.

**Merknaden tas ikkje til følgje.**

		<p>Østrem har følgjande innspel til føresegnene:</p> <p>1.1.1 Punktet kan fjernast, ivaretatt i PBL.</p> <p>1.1.2 Kommunen overfører til private ansvar som er kommunens og som skal finansierast via skatt.</p> <p>1.1.3 Punktet kan fjernast, ivaretatt av PBL.</p> <p>1.1.4 Må vise kva for vassdrag og sjø det gjeld. Det må visast kotehøgde for lågaste byggplassering.</p> <p>1.1.5 Er ikkje dette tilstrekkeleg ivaretatt i PBL?</p> <p>1.1.6 Punktet må strykast.</p> <p>1.1.7 Om punktet i det heile tatt skal behaldast må det avgrensast til utarbeiding av reguleringsplanar.</p> <p>1.2.1 Punktet må fjernast.</p> <p>1.2.2 Korleis skal denne praktiserast? Greiare med heiltal, omgrepet bruttoareal må definerast.</p> <p>1.2.3 Sjå kommentar til 1.2.2</p> <p>1.2.4 Sjå kommentar til 1.2.2</p> <p>1.2.5 Stryk punktet, følg PBL.</p> <p>1.2.7 Punktet må reviderast. Kvifor er det vald ei grense på 1200 m<sup>2</sup>, når bustadtettleik er definert i punkt 1.2.2. til 1.2.4? Det burde vore</p>	<p>Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.</p> <p><b>Merknader om eventuelle endringar i føresegnene vil bli lagt fram i eiga sak.</b></p>
--	--	---	---

unødvendig med krav om reguleringsplanar for fortetting.

1.3.1 Umogleg å gjennomføre. Teksten bør fjernast.

1.4.1 Skal det opprettast eigen kontrollør som skal sjekke om fritidsbustader blir brukte heile året? Håplaust.

1.4.2 Enklare å nytte areal som oppgitt i PBL som seier at bygningar under 150 m<sup>2</sup> BRA kan oppførast.

1.4.3 Kva type areal, BYA, BTA eller BRA?

1.5.2 Bør aukast til 1,5.

1.5.3 Punktet bør strykast.

1.5.4 Avgrensar til eige energibehov. Det blir gitt løyve til å selje overskot til E-verk. Må tilføyast i forskrift.

1.6.1 Det bør ikkje vere automatikk i utarbeiding av reguleringsplan. Unødvendig og fordyrande for bønder som ønskjer tiltak langs sine vassdrag.

1.8.3 Foreslår at det blir lagt til grunn BRA. Då slepp ein å bygge parkeringsplassar for tekniske rom m.m. Det må presiserast at det ikkje skal krevjast parkeringsdekning for garasjar og parkeringshallar.

1.8.4 Saknar definisjon på omgrepet p-krav

			<p>fellesanlegg. Krav for industri/næring verkar urimeleg om det også skal gjelde lagerlokale. Parkeringskrav på 3 plassar for kvar 100 m<sup>2</sup> for barnehage verkar høgt, bør revurderast. Idrettshall, gjeld det garderobeareal m.m., bør presiserast.</p> <p>1.8.5 Forslag: Areal til støttefunksjonar, slik som lagerareal, tilhøyrande kontorfunksjonar, personalrom m.m. skal ikkje reknast med.</p> <p>1.8.6. Forslag: Private avtaler om løysing av parkeringsbehov kan godkjennast om det blir lagt fram tinglyst avtale.</p> <p>1.8.11. Det bør ikkje vere same reglar for garasje som carport.</p> <p>1.8.12 Kravet må fjernast for bustadbusetnad, og bare gjerast gjeldande for offentleg/næringsbygg.</p> <p>1.8.16 Pålegga er urimelege og uhensiktsmessige.</p> <p>1.9 Avtaler må ikkje kunne gjerast gjeldande for område utanom reguleringsområdet.</p>	
58	14/8127	Bjorhaug Næringsforening v/Tommy Kvía	<p>Bjorhaug Næringsforening meiner det er defensivt at det bare er sett av 39 daa til nye næringsareal, og for lite areal innafor langsiktig grense.</p> <p>Det er tidlegare sett av areal til næring nord for eksisterande næringsområde på Bjorhaug, samt dei nye som er lagt inn. Dette arealet er ikkje</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Når det gjeld merknadene knytt til for lite næringsareal på Nærbø vises til kommentarar til merknad nr. 47, journalpost 14/7942.</p> <p>Når det gjeld tidlegare avsett areal til næring nord for eksisterande næringsområde på Bjorhaug er regulering</p>



			<p>klargjort.</p> <p>Transformasjon av gamle industriområde i sentrum er naturleg. Det er svært defensivt at ein ikkje har gitt desse tilbod om erstatningsareal.</p> <p>Dei meiner det må innarbeidast meir næringsareal rundt Nærbø. Den langsiktige grensa mot landbruk må flyttast lenger ut. Når ny omkøyringsveg er på plass, vil området på Gausland eigne seg godt til nytt næringsområde.</p>	<p>av området i gang. Grunna krav om arkeologiske undersøkingar er denne prosessen blitt forseinka.</p> <p>Fastsetting av langsiktig grense mot jordbruk er basert på ei utvikling av innbyggartalet i tråd med SSB sitt mellomalternativ og eit valt bustadprogram. Det er gjort vurderingar av behov for areal til m.a. offentlege formål, bustad, næring og grønstruktur i eit 40-årsperspektiv. Langsiktig grense mot landbruket omsluttar 388 daa nytt utbyggingsareal i Nærbø aust. Kommunen bør vere tilbakehalden med å omdisponere LNF-område, og kommunens befolkningsframskrivingar tyder på at kommunen ikkje har behov for ytterlegare areal ved denne kommuneplanrevisjonen.</p>
59	14/8151	Varhaug Bedriftsforening v/Ingeborg Lea Omdal	<p>Varhaug Bedriftsforening meiner at det vil ha mykje å seie for Varhaug å få etablert ein omkøyringsveg, for å sleppe tungtrafikken gjennom sentrum. Om ikkje trasévalet blir avgjort, må det som eit minimum tas inn i planen at arbeidet med traséval skal begynne i komande 4-årsperiode.</p> <p>Varhaug Bedriftsforening har innspel om å utvida framtidig areal for industri, bustad og offentleg tenesteyting mot aust.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 5, journalpost 14/3121.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Fastsetting av langsiktig grense mot jordbruk er basert på ei utvikling av innbyggartalet i tråd med SSB sitt mellomalternativ og eit valt bustadbyggingprogram. Det er gjort vurderingar av behov for areal til offentlege formål, bustad, næring og grønstruktur i eit 40-årsperspektiv. Langsiktig grense på Varhaug</p>

Varhaug Bedriftsforening meiner at planforslaget generelt skyv mykje av ansvaret for vidare utvikling, og kostnadene i samband med dette, over på private tiltakshavarar.

Dei kan ikkje sjå at det er nødvendig med skjerpa krav i forhold til plan- og bygningslova. Dei meiner at det i utbyggingssaker ikkje må påleggast private tiltakshavarar byrder ut over minimumskrav heimla i PBL, forskrifter og retningslinjer.

Næringslivet i Hå består av små og mellomstore bygningsbedrifter som ikkje har økonomi til å forskottera kommunaltekniske anlegg og infrastruktur i den grad planen legg opp til. Ei heller å ta arbeidet og kostnaden med reguleringsplanar i den grad det blir lagt opp til.

Planforslaget vil føre til mange små reguleringsplanar. Dette er dyrt for tiltakshavar og tidkrevjande og arbeidsbelastande både for utbyggjar og administrasjonen.

omsluttar 125 daa nytt utbyggingsareal mot aust. Det er totalt 255 daa utbyggingsareal innafor langsiktig grense på Varhaug. Kommunen bør vere tilbakehalden med å omdisponere LNF-område, og kommunens befolkningsframskrivingar tyder på at kommunen ikkje har behov for ytterlegare areal ved denne kommuneplanrevisjonen.

#### **Merknaden tas ikkje til følgje.**

I Hå kommune er det lagt til grunn at private utbyggingstiltak og byggefelt skal ha same standard som kommunale felt. Dette er lagt til grunn i regelverket i kommuneplanen medrekna «forventingsvedtaket» til utbyggingsavtalane, jf føresegnene § 1.9. Private må då forventa å få same krav til teknisk planfagleg standard på sine tiltak, som kommunen legg til grunn for sine utbyggingar. Dette omfattar også gjennomføring av nødvendige rekkefølgetiltak. Det vil vere høgst problematisk om kommunen skulle gå inn å «subsidiere» enkelte prosjekt. Slik kommunal medverknad kan t.d. fort bli ramma av ESA-regelverket om forbod mot konkurransevridande støtte til næringslivet.

		<p>Varhaug bedriftsforening har fleire omfattande uttaler til føresegnene:</p> <p>1.1.1 For strengt. Utval for tekniske saker og næring, UTN, må stå fritt til å avgjere ev. plankrav i kvar enkelt sak.</p> <p>1.1.2 UTN må i kvar sak stå fritt til å avgjere kva for infrastruktur som må vere på plass før det blir gitt løyve til tiltak.</p> <p>1.1.3 Krav må ikkje vere strengare enn PBL m/ forskrift. UTN må stå fritt til å avgjere ev. tilgangskrav / UU-krav i kvar enkelt sak.</p> <p>1.1.4 Blir regulert av TEK 10 §§ 7-2 og 7-4. VBF ser ingen grunn til skjerpa krav ift PBL , TEK 10 og NVE sine normer.</p> <p>1.1.5 Det må vere ein del av kommuneplanarbeidet at kommunen avklarar forholdet til kulturminne i byggeområde.</p> <p>1.1.6 Må sleppe plan på massedeponi for mindre tomteområde. Ok for større byggefelt. Må tas inn ei føresegn om at masse kan plasserast hos lokale næringsdrivande eller bønder som har behov for utfylling og matjord på grunnen sin for å auke produksjonsareal. Dette er ei god ordning som har fungert godt i Hå kommune i mange år. Kommunen kan sikre seg kontroll via rapportering til jordbruksstyresmaktene.</p>	<p><b>Merknader om eventuelle endringar i føresegnene vil bli lagt fram i eiga sak.</b></p>
--	--	---	---

Kommunen må sikre areal for masseinntaksanlegg / deponi lokalt. Må kunne levere massen «kortreist».

1.1.7 Her blir ansvaret skjøve over på enkeltpersonar.

Kommunen må ha oversikten og kompetansen til å vurdere avrenning i forhold til off. leidningskapasitet. UTN må ta stilling til eventuelle tiltak, t.d. fordrøyningsinnretning, i kvart enkelt tilfelle.

1.2.1 Blir oppfatta som generell innleiing til etterfølgjande punkt.

1.2.2 VBF meiner bygningsmassen bør differensierast med fleire intervall for avstand frå jernbanestasjon: inntil 300 m: 7 – 12 bustader pr dekar, inntil 500 m: 2 – 6 bustader pr dekar, inntil 1000 m: 2 – 4 bustader pr. dekar. Same avstandskrav og tal på bustader i forhold til stasjonen må gjelde for alle tettstadene i kommunen.

1.2.3 Same krav for alle haldeplassane i kommunen. Byggeområde: over 1 km avstand: minimum 2 bueiningar pr. dekar.

1.2.4 Bør gå ut, same avstandskrav til alle stoppestadene, jf kommentar til pkt. 1.2.2 og 1.2.3.

1.2.5 Det er inga avgrensing på 50 m<sup>2</sup> for garasje i PBL, det er bare dersom den ligg nærare enn 4 m frå grense at dette maks-arealet gjeld! Men her seier kommunen at ingen garasje uansett plassering kan vere over 50 m<sup>2</sup>. Ikkje still andre eller strengare krav enn PBL stiller!

PBL gir også rom for å tillate andre mindre tiltak «som ikke kan måles etter Norsk Standard NS-3940 Areal- og volumberegninger av bygninger» nærare grense enn 4 m. Dette må ikkje låsast til maks 50 m<sup>2</sup> inkl. garasje.

Formulering blir endra til «maks møne eller øvre gesims ved pulttak». Det må ikkje bli disp-søknad ved kvar pult-taksgarasje. Alternativt ei gjennomsnittsbereknig av øvre og nedre gesims ved pulttak.

1.2.6 Krav om eigen parkeringsplass må gå ut.

1.2.7 Fordyrande. Saksbehandling + konsulent til å lage planen. For mykje byråkrati. Søke reguleringsendring heller enn ny plan, må kunne vurderast av UTN. Ved deling av bustadtomt mindre enn 1200 for bygging av ny bustad må krav til bruk og uteareal for både for ny og attverande bustad vere tilfredsstillende. All fortetting slik det har vore praktisert til nå blir lagt død med denne. UTN må stå fritt til å avgjere etter ei samla vurdering i kvar sak innafor

vedtekne retningslinjer. Må ikkje låse seg til spesifikke areal. Prosjektets kvalitet må vere avgjerande.

1.4.2 Må tillatast inntil 150 m<sup>2</sup>. Dette er ei arealgrense vi finn igjen i TEK 10, der fritidsbustad over 150 m<sup>2</sup> blir sidestilt med småhus i energisamanheng.

1.4.3 Må spesifiserast til bruksareal (BRA-innanfor omsluttande vegger)

1.5.1 UTN må stå fritt til å avgjere etter ei samla vurdering i kvar sak innanfor PBL

1.5.2 UTN må stå fritt til å avgjere etter ei samla vurdering i kvar sak innanfor PBL

1.5.3 Må gå ut for LNFR-område.

1.5.4 UTN må stå fritt til å avgjere etter ei samla vurdering i kvar sak innanfor rama av PBL m/forskrifter.

1.7 Tiltak som blir realisert samtidig, og er plassert i same intervall for gangavstand til leikeplass bør kunne sjåast i samanheng og ha eitt felles anlegg.

1.8.1 Må differensierast meir. 1,5 P-plass inntil 100 m<sup>2</sup>. Så 2 over det (ikkje allereie over 70 m<sup>2</sup> som vist her).

1.8.12 Må lyde: der det blir tilrettelagt for parkering skal det vere snuplass for bil på eigen

			<p>grunn (pkt. 12 og 13 samantrekt i høyringsforslaget?)</p> <p>1.8.13 Må presisere at krav til snuplass på eigen grunn og varelevering ikkje gjeld bustadbusetnad.</p> <p>1.8.15 UTN må få vurdere kvart enkelt tiltak og stille hensiktsmessige krav etter ei totalvurdering. Med éi utkjørsel vil mye intern-areal bli belasta med køyring og trafikkfarlege forhold på eiga tomt.</p> <p>1.8.16 Kravet om tal er for strengt og plassering v/hovudinngang er ikkje alltid hensiktsmessig. Krav om 1 sykkelparkering pr bueining på eigna stad bør vere tilstrekkeleg. 5 sykkel-p-plassar for detaljhandel er for mange. For Stuelandbygget vil 1 plass pr 100 m2 utgjere 50 sykklar, dette er meir enn tilstrekkeleg! Planforslagets krav til 5 sykkelparkeringar pr 100m2 vil for Stuelandsbygget utgjere 250 sykklar under tak ved hovudinngangen. Få inn føresegner om at nattparkering for trailerar ikkje er tillete på offentleg areal i sone 1.</p> <p>1.9.2 Tilføye nytt punkt 3: ved anlegg av ein viss storleik skal det inngås avtale om refusjon av mva.</p>	
60	14/8159	Theis Stueland	Stueland har merknad til forskriftene pkt. 1.8.16 sykkelparkering. Detaljhandel er sidestilt med skular, idrettsanlegg osv., då med krav om 5	<b>Merknader om eventuelle endringar i føresegnene vil bli lagt fram i eiga sak.</b>

			sykkelparkeringsplassar per 100 m <sup>2</sup> . Det er etter Stuelands skjønn heilt feil å blande saman detaljhandel med dei andre nemnte områda. For detaljhandel er det tilstrekkeleg med 1 parkeringsplass per 100 m <sup>2</sup> .	
61	14/8160	Vivian Roxman og Magne Feed	Bustadeigedommane Gamle Riksvegen 9 (gnr 108, bnr 75) og Gamle Riksvegen 11 (gnr 108, bnr 45) har vore bandlagde av Hå kommune som friområde sidan 1981. Tidlegare uttalar frå både Hå kommune og Fylkesmannen: lite eigna som friområde. Roxman og Feed foreslår at eigedommane blir tilbakeførte til bustadformål.	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Desse eigedommane som ligg mellom gamal og ny fv 44 heilt sør i Brusand er i gjeldande reguleringsplan regulerte som friområde, men der nr 9 i tillegg er verna som bygning. Dvs. at bygningen framleis kan nyttast til bustad/fritidsbustad i samsvar med etablert bruk. Tomt og bygning ligg så nær opptil fv 44 at den ikkje bør omdisponerast til bustadformål i planverket.</p>
62	14/8150	Monika Bø Bakke m. fl.	Bakke m. fl. protesterer mot vegtraseen mellom Rosk og Gudmestadvegen. Veggen vil gå over dyrka jord. Dette er ikkje i samsvar med deira syn på kva dyrka jord skal nyttast til. Veggen vil dele gardsbruka i to. Dette vil gi problem for vidare drift. Dei kan heller ikkje sjå at det er tatt omsyn til verken oppdeling av teigar eller nabogrenser. Kort sagt vil dei ikkje ha nokon veg.	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Spørsmålet om trase for ny omkøyringsveg aust for Nærbø har vore gjennom ei omfattande planlegging og behandling før kommuneplanutvalet vedtok den løysinga som nå ligg føre den 8. oktober 2013 i forbindelse med KPU-sak 034/13. Med den eigdomsarronderinga som er aust for Nærbø, med langstrakte gardsbruk i ei vifte ut frå tettstaden, er det vanskeleg å unngå å dele gardbruka ved utviding av byggeareala. Dette var også kjent under utarbeidinga av planforslaget. Området mellom ny omkøyringsveg og sentrum blir hovudsakleg oppretthalde som LNF i planperioden. Resterande areal innafor langsiktig grense kan nyttast i komande planrevisjonar. Sjå også</p>



				kommentar til merknad nr. 40, journalpost 14/7776.
63	14/8164	Næva Eigedom v/ Tor-Atle Nærland	Næva Eigedom er eigar av ei bustadtomt på Nærbo, Opstadvegen 148, gnr. 26 bnr. 163. Bustaden ligg på austsida av Opstadvegen ved innkøyring til Nærbo. Det kan vere aktuelt å utnytte eigedommen med fleire bueiningar. Dei ønskjer at dette blir tatt omsyn til i kommuneplanen, slik at eigedommen kan fortettast, slik kommunen allereie har starta med og har vist ei positiv haldning til.	<b>Merknaden tas til orientering.</b>  Dette er ikkje ei kommuneplansak. Avklaring av tettleik/utnytting av eigedom med eventuelt fleire bueiningar må avklarast i regulering.
64	14/8165	HTV NSF Hå kommune v/Anne Kjersti Haveland	Punkt 9.5 - NSF synest det er litt lite ambisiøst å seie at ein vil «legge til rette for å auke stillingsstorleiken til dei som ønskjer det». Dei meiner det skal vere full stilling til alle som ønskjer det.  Punkt 10.1 og 10.4 - Desse punkta omhandlar born og unge og folkehelse. I begge desse saknar dei at helsestasjonane og skulehelsetenesta er tatt med. Dei reknar med at dei indirekte er omtala fleire stader, særleg i kap 10.1, og det er også vist til «Plan for helsestasjon og skulehelsetenester». Under folkehelse er det m.a. nemnt at ei tilgjengeleg legeteneste er eit viktig delmål for å fremje folkehelse, og her meiner dei at for store grupper er tilgjengelege	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b>  Partane er einige om at det er ei målsetting å auke stillingsstorleikar og kor mange som arbeider heiltid. Utviding av tilsettingsforhold må sjåast i lys av vakansar og det eksisterande behovet for kompetanse. Auking av stillingsstorleik inntil full stilling må derfor skje innanfor dei til ei kvar tid vedtekne heimlar.  <b>Merknaden blir omfatta av kommuneplanen og tas derfor ikkje til følgje.</b>  Kommuneplanen omhandlar også helsestasjonane og skulehelsetenesta, utan at dei eksplisitt er nemnt i kapittel 10. Det går klart fram av kommuneplanen at satsing på helsestasjonane og skulehelsetenesta vil følgjast opp i «plan for helsestasjon og skulehelsetenester».

			helsestasjons- og skulehelsetenester viktige. Med bakgrunn i dette håper dei at helsestasjonar og skulehelsetenester kjem litt tydelegare fram i kommuneplanen.	
65	14/8166	Stig Nærland m. fl.	<p>Nærland m. fl. foreslår alternativ A framfor B for kyrkjegarden på Nærbø:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Alternativ B gir lite buffersoner rundt gravplassane.</li> <li>• Gravplassområdet blir oppdelt i tre. Det er betre jordbrukspolitikk å samle det på to.</li> <li>• Alternativ B vil gi opp mot 250 meter avstand mellom dei to store gravplassane.</li> <li>• Jorda i alternativ B er i matproduksjon og vil bli vanskelegare å nytte.</li> <li>• Alternativ B vil få meir støy frå fv. 156.</li> <li>• Alternativ B vil gi meir press på fv. 158.</li> <li>• Terrenget i alternativ B er vått heile året.</li> <li>• A kan lage ei betre kryssing av fv. 156.</li> </ul>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.</p>
66	14/8194	Jærbetong AS v/Tor Magne Kvia	<p>Jærbetong AS åtvarar sterkt mot eitkvart forslag om å etablere nye bedrifter i industriområdet. Jærbetong AS si verksemd er ei "skitten" verksemd, med til tider mye støy, støv, mm.</p> <p>Jærbetong AS ønskjer av den grunn at all arealdisponering i området blir reservert Jærbetong AS og eksisterande grunneigarar.</p> <p>Grunneigarane på Gausland har uttrykt ønskje</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Kommuneplanen omhandlar ikkje slike forhold som kven som skal eige næringsareala.</p>

			<p>om at delar av den dyrka/dyrkbare jorda på vestsida av Jærbetong AS som ligg inne som næringsareal, blir endra tilbake til LNF. Dette har me ingenting imot.</p> <p>På nordvestsida er det lagt inn ein ny omkøyringsveg. Denne vegen har dei ikkje behov for, då mesteparten av deira verksemd føregår på austsida av industriområdet.</p>	
67	14/8195	Ingve Berntsen og Steinar Berntsen	<p>Dei ønskjer at all den dyrka og dyrkbare jorda som er lagt til anna formål enn landbruk vest og nordvest for det eksisterande industriområdet, blir tilbakeført til landbruk. Dette gjeld område på vestsida som er masseuttak, men som i dag er dyrka og ikkje tiltenkt som masseuttak. Dei ønskjer at det ikkje blir opna for industriutviding ut over grensene for masseuttaket. Dei ønskjer at det ikkje blir opna for at anna verksemd enn Jærbetong AS eller Gausland gard kan etablerast i området</p> <p>Dei ønskjer at foreslått innkøyring nordvest for Jærbetong AS blir tatt ut av kommuneplanen.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Det er behov for nytt nærings- og industriareal i kommunen både for å kompensere for den transformasjon av næringsareal til bustadformål som skjer internt i tettstadene og for å opne for utviding av eksisterande og nyetablering av nye bedrifter i ein kommune med sterk folkevekst.</p> <p><b>Merknaden tas til følgje.</b></p> <p>I samsvar med merknad frå vegvesenet blir gjeldande avkøyring til næringsområdet oppretthalden.</p>
68	14/8202	Roy Helge Kverme	<p>Det er forslag om ny tilkomst frå Fuglestadvegen til ny fv 133 nord for Brusand. Den vegen vil gå veldig nær gardstunet, noko som ikkje er ønskjeleg. Vegen er per dags dato ikkje fundamentert til auka trafikk med lastebilar osv. Vegen er smal. Kverme meiner at Hadlandvegen</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Spørsmålet om teknisk standard, avstand til tilgrensande bygningar og tun må vurderast i detaljplanlegginga. Hadlandsvegen er vurdert, men kryssutforming m.m. gjer at dette vanskeleg lar seg</p>

			er eit bra alternativ som tilkomst til den nye vegen til Stokkalandsmarka.	løyse.
69	14/8211	Fylkesmannen i Rogaland m. fl.	<p>Fylkesmannen fremjar <b>motsegn</b> mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Omkøyringsvegen rundt Vigrestad.</li> </ul>	<p><b>Motsegna tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Omkøyringsvegen på Vigrestad er viktig for å føra gjennomgangstrafikk utanom Langgata og sentrum. Dette er ei veglenke som har lege inne i tidlegare kommune- og reguleringsplanar med litt ulike trasear. Satsinga på utbygging i Stokkalandsmarka har forsterka behovet for denne vegen. Vegvesenet har lagt denne omkøyringsvegen til grunn ved vurdering av rekkefølgekrav for utbygging i Stokkalandsmarka og har kravd auka standard i høve kommunens førsteutkast til regulering. I tillegg til dette er det fleire av dei andre merknadene til kommuneplanen som meiner at omkøyringsvegen ikkje bør førast inn til Langgata i krysset med Rundvegen, men at omkøyringsvegen burde førast vidare vestover, rundt skuleområdet og fram til Haugstadvegen i ein trase om lag der langsiktig grense mot landbruk er teikna inn. Rådmannen vil tilrå at tidlegare gjennomførte trafikkanalyse blir oppdatert med næringstrafikk til Stokkalandsmarka og at effekten av omkøyringsvegen både slik den ligg i kommuneplanforslaget og med tillegg av sløyfa vest for skulen blir vurdert. Med utgangspunkt i dette blir det drøfta med fylkesmannen om motseiinga deira kan trekkast.</p>

- For lite areal til grønstruktur i Stokkalandsmarka.
- Nytt masseuttak og utviding av eksisterande på Brusand/Ogna.
- Utviding av masseuttak på Beinskinnfjellet.

**Motsegna tas til følgje.**

Det er i kommuneplanen lagt stor vekt på at den konsentrerte utbygginga som planen legg opp til, også krev at det blir planlagd og opparbeida tilstrekkelege og gode grøntdrag og leike- og opphaldsareal. Det er lagt vekt på at leike- og opphaldsareala så langt som råd skal knytast til grøntdraga. Rådmannen vil tilrå at motseiinga blir tatt til følgje og planen justert slik at grønstrukturareala i Stokkalandsmarka blir auka.

**Motsegna tas til følgje.**

For begge dei to aktuelle masseuttaksområda føreligg det tidlegare godkjenningar. Rådmannen vil tilrå at områda blir oppretthaldne som tidlegare godkjent utan vidare utviding. Med ei slik presisering skulle det vere grunnlag til å fråfalle motsegna.

**Motsegna tas ikkje til følgje.**

Det har nå i fleire år vore arbeidd med planar for ei utviding som vist i kommuneplanen. Det er utarbeidd ein eigen reguleringsplan som både inneheld Vestlandske hovudveg som kulturminne og opnar for ei viss utviding av uttaksområdet for anortositt. Det er gjennomført analysar som viser at uttaket vil bli synleg frå Vestlandske hovudveg i nokre få månader. Etter det vil verken sår i landskapet eller vidare uttak vere synleg frå denne turvegen. Etter rådmannens vurdering utgjer desse anortosittførekomstane ein viktig ressurs som bør utnyttast. Rådmannen vil derfor tilrå at motseiinga

- Å vise to framtidige «moglege» masseuttak med rettsverknad.

- Fylkesmannen fremjar **motsegn** mot føresegn 1.4.2 og 1.4.3 for fritidseigedomar.

blir drøfta vidare med fylkesmannen med bakgrunn i føreliggande dokumentasjon. Ei alternativ løysing kan eventuelt vere likevel i denne omgang å anbefale at motsegna tas til følgje, at utvidinga av masseuttak på Beinskinnfjellet tas ut av planen og at spørsmålet om utviding av steinuttaket blir behandla vidare i regulerings-saka (Plan 1121).

**Motsegna tas til følgje.**

I kommuneplan for Hå 2007-2022 er det på plankartet illustrert eit mogleg framtidig masseuttak ved Sørå Krogavatnet og eit mogleg framtidig masseuttak aust for Ognå. I forslaget til ny kommuneplan er desse områda ved ein feil vist som framtidig masseuttak med rettsverknad. Rådmannen anbefalar at motsegna tas til følgje. Rådmannen vil heller tilrå at det blir drøfta med motsegnsinstantane om områda kan merkast av som omsynssoner med forbod mot iverksetjing av tiltak som kan gjera det vanskeleg med eit framtidig uttak av anortositt.

**Motsegna tas til følgje.**

Fylkesmannen fremjar motsegn mot føresegnene 1.4.2 og 1.4.3 for fritidseigedomar av omsyn til dei negative verknadene det vil få for Jærstrendene landskapsvernområde og for LNF-områda generelt. Fylkesmannen vurderer at ein generell hyttestorleik på 120 m<sup>2</sup>, saman med manglande høgdeføresegnar, vil leggje ytterlegare press på eit sårbart jærlandskap, og

Avinor gir **fagleg råd** om:

- Vise radiofyr på gnr. 40, bnr. 7 på plankartet.
- Vurdere kva tiltak kommunen kan legge inn for å få auka kollektivreiser til flyplassen.

gi nedbygging og privatisering av viktige natur- og friluftsområde. Større hytter vil også auke problemet med bruksendring av fritidseigedomar til bustader. Fylkesmannen viser til avgjerd i Miljøverndepartementet 9. oktober 2013 i samband med kommuneplan for Sola, der storleiken på fritidsbustader er differensiert i forhold til om fritidsbustadene ligg innafor eller inntil Jærstrendene landskapsvernområde, eller i LNF-områda generelt. Departementet rår til ein felles praksis for handtering av fritidsbustader i og inntil landskapsvernområdet. Rådmannen tilrår at motsegna på dette punktet blir tatt til følgje. Fylkesmannen og Miljøverndepartementet skisserer her ein felles praksis for alle jærkommunane og rådmannen tilrår at kommunen rettar seg etter dette.

**Det faglege rådet tas til følgje.**

**Det faglege rådet tas ikkje til følgje.**

Både i kommuneplanen og på andre måtar har Hå kommune dei siste åra vore sterkt engasjert i å styrke og bygge ut Jærbanen som det viktigaste kollektivtransporttilbodet i kommunen. Nye utbyggingsareal er lagt opp mot jernbanen og det blir arbeidd aktivt for utbygging av dobbelspor mellom Sandnes og Eigersund. Ei utbygging av togtilbodet med halvtimesfrekvensar vil også vere ei styrking av

Fylkesmannen gir **fagleg råd** om:

- Vurdere og synleggjere faren for stormflo på Brusand og Ognå.
  
- Ta føreslåtte næringsområde nord for Gudmestadvegen på Nærbø ut av planen.

kollektivtilbodet til flyplassen.

**Det faglige rådet tas ikkje til følge.**

Rådsmannen er einig i at kommunen må sjå på temaet springflo/stormflo og «faresone flaum» på Brusand og Ognå. Omsynssone «faresone flaum», H320, blir ikkje vist på plankartet. Problemstillinga er omfattande og går langt ut over kommunens grenser. Dette krev ei eiga simulering av flom i kombinasjon av havstiging, springflo og bølgeflo for å få ei reell avgrensing av flaumutsette område. Kan eventuelt vurderast ved komande revisjonar av kommuneplanen.

**Det faglege rådet tas ikkje til følge.**

Hovudmålet i planarbeidet er å konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka for å takle framtidig vekst, samtidig som nedbygging av grøntareal og matjord skal avgrensast. Ein vesentleg del av denne bustadbygginga på Nærbø skal skje ved fortetting og transformasjon av eksisterande industriareal innafor eksisterande tettstad. Det krev m.a. at det vert avsett erstatningsareal for tapt næringsareal i forbindelse med transformasjon på Nærbø. Det må i tillegg vere noko areal disponibelt for å dekke bedriftene sitt behov for lokalisering på Nærbø, både av omsyn til transportkostnader og til veksten i tettstaden når folketalet aukar.



- Justere grensene for framtidige utbyggingsområde slik at det ikkje inngår dyrka mark.

- Redusere grad av detaljering i plankartet for framtidige utbyggingsområde i Stokkalandsmarka, og utarbeide områdeplan.

#### **Det faglege rådet tas ikkje til følgje.**

I samband med det pågåande planarbeidet for vidare utbygging av Stokkalandsmarka er det skissert ei mogleg vidare utviding. Dette omfattar eit naturleg avgrensa utbyggingsareal knytt opp mot eit nytt hovudvegssystem med tilknytning til fv. 44. Det er viktig at ein nå får lagt dei framtidige arealbehova på plass, slik at vegsystemet kan utformast slik at det kan dekke behova som kjem på lang sikt. Det er gjort omfattande vurderingar av utvidinga slik at ein i liten grad omfattar dyrka jord. Med den viste utbygginga av Stokkalandsmarka og Sandve med ny veg frå fv. 44 og inn til dei nye utbyggingsområda kombinert med flytting av jernbanestoppen, vil Brusand, Sandve og Stokkalandsmarka i stor grad framstå som ein tettstad.

#### **Det faglege rådet tas ikkje til følgje.**

Detaljeringsnivået på kartet over Stokkalandsmarka er som for dei andre tettstadene. Ved utarbeiding av planane har planleggarane vore nøye gjennom plassering av grøntdrag, avgrensing av byggeområde og moglege vegføringar. Det er viktig å ha med desse grunnlagsvurderingane i det vidare planarbeidet. Det medfører ikkje at ein ikkje i den vidare detaljplanlegginga kan gjere justeringar og tilpassingar seinare. Det er likevel eit viktig oversiktsbilete å ha med som grunnlag for dei detaljvurderingane som skal gjerast for dei enkelte delfelt i reguleringsplanarbeidet.

- Ta føreslått utviding av næringsområde i Stokkalandsmarka ut av planen.
- Velje alternativ A for ny kyrkjegard ved Nærbø kyrkje.
- Ta føreslått utviding av næringsområde nord for Kviamarka ut av planen.
- Følgje retningslinjene i Regionalplan for Jæren når det gjeld maksimal gangavstand til uteopphaldsareal.
- Lage føresegn for maksimal storleik på bustadhus i LNF-område.
- Utarbeide retningslinjer til arealdelen.

**Det faglege rådet tas ikkje til følgje.**

Det er lagt inn ei ny næringstomt vest for planlagt forlenging av Haugstadvegen søraustover mot Fuglestadvegen. Dette er eit areal som ikkje er ideelt for bustader, mellom Haugstadvegen og industriområdet nedanfor. Området er førebels ikkje tiltenkt ein definert funksjon, man kan t.d. nyttast til plassering av varmesentral om det blir lagt til rette for utbygging av fjernvarme i Stokkalandsmarka.

**Det faglege rådet tas ikkje til følgje.**

Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.

**Det faglege rådet tas ikkje til følgje.**

Det er behov for å sikre nye areal for vidare utvikling av næringsmiddelindustriområde, for å styrke vidare vekst og samlokalisering av næringsmiddelindustri i kommunen. I den forbindelse er det behov for areal for mindre etableringar i Kviamarka.

**Det faglege rådet tas ikkje til følgje.**

Jf. kommentar til merknad nr. 99, journalpost 14/12211 Rogaland fylkeskommune.

**Det faglege rådet tas ikkje til følgje.**

**Det faglege rådet tas ikkje til følgje.**

Samanlikna med gjeldande kommuneplan er det nå

Fylkesmannen har i tillegg gitt nokre merknader til dei tema i samfunnsdelen som særleg vedkjem Fylkesmannen sine ansvarsområde:

*Folkehelse*

Fylkesmannen vil rå kommunen til å tydeleggjere folkehelseperspektivet i heile plandokumentet.

Fråfall i vidaregåande skule. Kommunen bør seie noko om desse viktige utfordringane, med mål og strategiar for korleis kommunen kan stanse ei vidare negativ utvikling.

Syssetting/tilrettelagde arbeidsplassar. Samfunnsdelen bør ha ei vurdering av kor vidt det er nødvendig med særskilte tiltak for å møte denne utfordringa, og eventuelt tiltak kommunen sjølv kan bidra med i form av arbeidsplassar for

utforma eit vesentleg meir omfattande regelverk som har fått status som bindande føresegner til arealdelen. Etter rådmannens vurdering vil ei ytterlegare utbrodering med meir forklarande tekst gjera regelverket meir komplisert og uoversiktleg.

**Merknaden tas ikkje til følgje.**

Når det gjeld merknad knytt til folkehelse generelt blir det bede om at ein ser til kommentar til merknad nr. 6, journalpost 14/3424. Der går ein inn for å lage ein kommunedelplan for å kunne møte helseutfordringane i kommunen.

**Merknaden tas til følgje.**

Rådmannen anbefalar at det i kapittel 10 Kommunale tenester under delmålet som seier at «Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå» blir sett inn følgjande strategi: «Styrke rådgiving og tverrfagleg samarbeid for å hindre fråfall frå vidaregåande skule».

**Merknaden tas til orientering.**

Hå kommune ser det som svært viktig å ha eit arbeidstilbod til dei som av ulike grunnar fell utanfor. Kommunen arbeider målretta for dette. Hå kommune har følgjande tiltak: nært samarbeid med fylket på

utsette grupper.

Miljøretta helsevern. Fylkesmannen tilrår å leggje vekt på risikofaktorar som forureining (støy/lukt/støv/ureint vatn), nærleik mellom bustadområde og tyngre næring, ulukkesførebygging og arbeidsmiljø innan kommunale tenesteområde.

*Bustad og gode bu- og nærmiljø.* Planstrategien viser til at det skal utarbeidast ein bustadsosial plan innan 2012. Det er uklårt om dette er følgt opp. I kommuneplanen bør kommunen setja klare mål for sine bustadsosiale utfordringar og velje strategiar for å bøte på desse. Ein eventuell framtidig bustadsosial plan må ha si forankring i kommuneplanen.

*Grunnskule og oppvekst.* Hå kommune manglar barnehagelærarar, og kommunen skriv at dei skal arbeide aktivt for å skaffe nok kvalifisert personell i barnehagane. Skulen i Hå har også ein langt høgare del av årsverka utført av personar utan godkjend utdanning i høve til fylkes- og landssnittet. Fylkesmannen saknar strategiar og

oppfølgingstenesta, fleire tilrettelagte arbeidsplassar på Jæren Industripartner, eige tiltak i kommunen som fangar opp ungdom som fell utanfor arbeidslivet, vedlikehaldsverkstaden, aktivitetssenteret, samt at kommunen har planar om å innføre arbeidsplikt.

#### **Merknaden tas til orientering.**

Inngår i kommunens vurderingar når ein skal sjå på nye utbyggingsområde. Sjå også kommentar til merknad nr. 6, journalpost 14/3424 vedrørande folkehelseperspektivet.

#### **Merknaden tas til orientering.**

Kommunestyret vedtok 17. oktober 2013 i sak 50/13 Bustadsosial plan. Det går vidare fram av kommuneplanens kapittel 10 Kommunale tenester s. 37 at desse satsingsområda vil blir følgde opp i m.a. Bustadsosial plan.

#### **Merknaden tas til orientering.**

Hå kommune samarbeider med dei andre kommunane i Jærskulen om rekrutteringstiltak, bl.a. gjennom informasjonsfolder distribuert til studentar ved UiS, aktiv oppsøking av lærarstudentar, felles 2-årig rettleiingsprogram for nyutdanna, avtalar med UiS om praksisskuler i Jærkommunane, stipendordningar.

tiltak for å rette på dette.

Kommunen skal ifølgje kommuneplanen prioritere språkopplæring for minoritetsspråklege barn. I inneverande skuleår har over 100 elevar i Hå særskilt norskopplæring i grunnskulen. Ingen av desse elevane mottar tospråkleg fagopplæring eller morsmålsopplæring. Fylkesmannen saknar ei presisering av kva som ligg i satsinga.

*Samfunnstryggleik og beredskap.* Heilskapleg ROS-analyse er ikkje nemnd. Kommunen skal ha ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse med heimel i sivilbeskyttelseslova, og at det blei gitt avvik på dette i beredskapstilsynet som var i kommunen 29. april 2011. Funn i heilskapeleg ROS-analyse skal innarbeidast i kommuneplanen.

I tillegg har fylkesmannen følgjande merknader til plankartet:

*Omsynssoner.* Skravuren er lik for fleire typar, og slik teiknforklaringa er no er det vanskeleg å skilje dei.

*Fuglefredingsområde.* På plankartet er det tre fuglefredingsområde som er vist som naturområde i sjø utan skravur som viser at dei er

#### **Merknaden tas til orientering.**

I denne satsinga ligg felles kommunalt tilbod med særskilt norskopplæring gjennom intensivkurs for nykomne elevar med rett på grunnskuleopplæring, og styrking av lærarkompetansen på dette feltet.

#### **Merknaden tas til følge.**

Rådmannen anbefaler at det blir gjort nødvendige tekstlige endringar i kapittel 8 Kommunal beredskap. Endringane vil bl.a. omfatte eit eige punkt om overordna beredskapsplan og underliggende beredskaps- og kriseplanar, heilskapelege risiko og sårbarheitsanalysar, hovudfunn i heilskapleg analyse og klimatilpassing.

#### **Merknadene knytt til karttekniske manglar tas til følge.**

Rådmannen anbefaler at dette blir løyst ved å vise SOSI-koden for kvar type omsynssone i teiknforklaringa, slik det samsvarar med kartet.

#### **Merknadene knytt til karttekniske manglar tas til følge.**

Rådmannen anbefaler at det blir lagt inn

			<p>freda etter lov om naturvern.</p> <p><i>Vindkraft.</i> Kommunen må sjekke ut at avgrensinga av Skinansfjellet vindkraftanlegg er i samsvar med avgjerd i Olje- og energidepartementet for konsesjonssaka.</p> <p><i>Kviamarka.</i> Ved innkøyinga til Kviamarka er det vist eit område som er regulert til veksthusnæring med omsynssone landbruk. Det bør gjerast for alle område med slik regulering, mellom anna det store området regulert til veksthusnæring i Kviamarka.</p> <p><i>Høgspent.</i> Statnett og Lyse Energi har planar om å oppgradere høgspentlinja frå 320 KV til 400 KV i framtida. Fylkesmannen ber kommunen sjekke om omsynssona rundt linja er tilstrekkeleg dimensjonert med bakgrunn i dette.</p>	<p>bandleggingssoner for dei 3 oppførte dyrefredingsområda.</p> <p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Avgrensinga av vindkraftanlegget på Skinansfjellet er lagt inn i samsvar med godkjent reguleringsplan. Etter det me kjenner til er det ikkje noko motstrid mellom reguleringsplan og konsesjon.</p> <p><b>Merknadene knytt til karttekniske manglar tas til følge.</b></p> <p>Rådmannen anbefalar at det blir vist som SOSI-kode H510 Omsyn landbruk. SOSI-koden for kvar type omsynssone blir vist i teiknforklaringa, slik det samsvarar med kartet.</p> <p><b>Merknadene knytt til karttekniske manglar tas til følge.</b> Rådmannen anbefalar at omsynssona rundt høgspentlinja blir tilstrekkeleg dimensjonert.</p>
70	14/8213	Rogaland Jordvernforening v/Hans Aarsland	<p>Ny veg ned til riksveg 44, med kjennskap til problematikken som oppstod ved først tenkte trasé, fornminne og uforutsette ting, synes vald trasé å vere den beste ein kunne få til. Den vil vere viktig etterkvart som Stokkalandsmarka veks sørover.</p> <p>Jordvernforeninga meiner det i dag ikkje er behov for ein ringveg så langt aust. Deira forslag</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p>

			<p>er å ta vekk ringvegen med tenkte busetnad frå planen. Det er ikkje rett å bygge ned dyrka jord når ein har alternativ i Stokkalandsmarka.</p> <p>På Nærbø har ein redusert arealet nok, det er heilt rett og nødvendig, og i høve til nasjonale føringar om jordvern. Oppretting av nye, såkalla satellittar, utbyggingsområde, for eksempel Nærlandsheimen og utviding av Rosk i retning Bøbakkane er meiningslaust.</p>	
71	14/8258	SI. Prosjekt AS v/Ole Kristian Ingebretsen	<p>Dersom tilliggande tomter til gnr. 76 bnr. 52 på søraustsida av Vigrestad blir opna opp for bustadbygging, får SI Prosjekt kanskje ein mogleg tilkomst til si tomt, og kan starte planlegging av leilegheiter. Dei foreslår derfor at småtomtene frå sentrum og oppover på nordsida av Grønholsvegen blir laga til gult og tekne inn for bustadbygging. Vigrestad har nok sentrumsareal og det vil utløyse dispensasjonssøknader dersom ein må ha næring i 1 et. langt oppover Grønholsvegen.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Eigedommen gnr. 76 bnr. 52 ligg innafør langsiktig grense mot landbruk. Eigedommen er vist med to føremål: sentrum og bustad. Dei andre omtalte eigedomane er viste som sentrumsområde. Det er gjort grundige vurderingar av bustadpotensialet og bustadbehovet for Vigrestad i eit 40-årsperspektiv. Kommunens befolkningsframskrivingar tyder på at kommunen ikkje har behov for nye område til bustadformål utover områda som allereie er lagt inn.</p> <p>Kommuneplanen skal legge til rette for utvikling av sentrumsområde. Ved utbygging i sentrumsområda skal det leggest til rette for ulike publikumsretta handels-, kontor- og serviceverksemd. Mellom anna skal det leggest til rette for næringsverksemd i dei etasjane som naturleg vender seg til publikum. Utviklinga av sterke og attraktive sentrumsområde må skje i eit langsiktig perspektiv. Det må derfor</p>

				gjennomførast ei restriktiv haldning til omdisponering av sentrumsareal til for eksempel bustadformål.
72	14/8259	SI Prosjekt og SI Bygg AS v/Ole Kristian Ingebretsen	<p>SI Prosjekt og SI Bygg har fleire forslag til føresegnene i kommuneplanen:</p> <p>Punkt 1.1.6. Forslag: Ved større utbyggingstiltak/ bustadområde kan kommunen krevje at det vert utarbeidd plan for bruk av overskotsmassar frå tiltaket. Dette er ikkje tenkt for einebustadtomter og mindre bustadprosjekt.</p> <p>Punkt 1.2.5. Forslag: Dersom tomte og tiltaket ligg til rette for det, kan det settast opp bod i nabogrense, på inntil 15 m<sup>2</sup> i tillegg til garasje/ uthus på 50 m<sup>2</sup> BYA. Det meiner dei er meir på linje med Plan- og bygningsloven.</p> <p>Punkt 1.2.7. Forslag: Punktet bør gå ut i sin heilskap og treng ikkje ligge under kommuneplanen.</p> <p>Punkt 1.4.2. Forslag: Maksimal storleik på fritidsbustad er sett til 150 m<sup>2</sup>, større areal må godkjennast av teknisk utval i Hå kommune.</p> <p>Punkt 1.8.15. Forslag: Punkt 1.8.15 bør fjernast.</p> <p>Punkt 1.8.16. Forslag: Det skal leggjast til rette for 1 sykkelparkering pr. bueining, plassert hensiktsmessig på bustadområdet eller parkeringskjellar.</p>	<b>Merknader om eventuelle endringar i føresegnene vil bli lagt fram i eiga sak.</b>



73	14/8261	Terje Haugseng Eigedom AS	Haugseng ønskjer å bygge høgblokk på Opstadvegen 108, gnr. 26 bnr. 61. Ønskjer at vegtrase kjem inntil denne eigedommen uavhengig av utbygging eller ikkje. Veggen som blir nytta ut frå området Opstadvegen 108 og ut på fylkesvegen er farleg. Dersom ein vel å nytte vegtrase som vist i vedlegg 3 vil det gjere at grunneigarar i området blir einige. Det er tidlegare levert inn søknad som gir løysing på området med omsyn til farleg utkøyring.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Forslaget er vurdert og avvist tidligare i planprosessen. Elles må fleire av forholda som tas opp, vurderast i ein reguleringsplan.
74	14/8262	Forsvarsbygg v/Marianne Flatland	Forsvaret har avtale om bruksrett til Varhaug skytebane og skytebanehuset som er knytt til denne. Forsvaret eig også eit lager for materiell for Heimevernet. Forsvarsbygg har ingen arealbruksinteresser elles i kommunen som tiltak i kommuneplanen vil få følgjer for, og har ingen merknader til denne.	<b>Merknaden tas til orientering.</b>
75	14/8263	Møyfrid Østby Larsen og Nils Jørgensen	Larsen og Jørgensen ber om at alternativ A blir gjennomført ut frå omsyn til areal, trafikk-parkering, estetisk oppleving og ut frå det å bu i ein kyrkjegard.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.
76	14/8270	Cathrine Bødtker og Tor Eldar Undheim	Bødtker og Undheim stiller seg undrande til alternativ B. Dei påpeiker fleire konsekvensar knytt til alternativ B. Dette gjeld trafikk, parkering, øydelegging av eigedommen til Solberg Larsen, støy frå barn, plenklippar, traktor under gravfølgje, moglegheit for undergang.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.

77	14/8274	Torbjørn Reime	Reime forventar at Hå kommune nå vil behandle og ta omsyn til familien Torbjørn Reime ved kommuneplanarbeidet. Reime forventar at Hå ser familiens tun og heim i forhold til kommunen si stadige utviding av nye industriområde.	<b>Merknaden tas til orientering.</b>
78	14/8266	Maiken Kvammen og Jan Berg	<p>Merknaden gjeld gnr. 108 bnr. 13. Forslag om å flytte vegen nokre få meter nord.</p> <p>Innspel til endring av trase:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Flytte jernbaneovergangen lenger mot nord.</li> <li>2. Legge starten av "nye" Fuglestadvegen nord for steingarden som skil 2 gardsbruk.</li> <li>3. Fullføre "nye" Fuglestadvegen til Hadlandsvegen.</li> </ol> <p>Utbygging av vegen "Sandve":</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Vegen dårleg. Det må byggast heilt ny veg, som fører til nedbygging av endå meir matjord.</li> <li>2. Ved utbygging på vegen "Sandve", vil det føre til ein auke i trafikk i området.</li> <li>3. "Nye" Fuglestadvegen" skal passere Hadlandsvegen. Betre og breiare enn vegen på Sandve.</li> <li>4. Argumentet til utbygginga av "gamle" Fuglestadveg til "nye" Fuglestadveg er "midlertidig".</li> </ol> <p>Legg trafikken frå "gamle" Fuglestadveg via Hadlandsvegen til "nye" Fuglestadveg så kan</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Dei fleste av desse kommentarane gjeld forhold som må vurderast ved utarbeiding av reguleringsplanar for tiltaka. Det er likevel slik at m.a. utstrekninga av dei arkeologiske funna og krav til utforming av krysset med fv 44 gir svært lite spelerom for justering av vegtraseen.</p>

			eksisterande "Sandve" veg vere turveg ned til Bjorvatnet, som bør få ein turveg rundt etter kvart.	
79	14/8267	Inger Skretting Opstad m. fl.	Ny omkøyringsveg på Nærbø er lagt gjennom Pyttaskogen. Ved fortetting av tettstadene blir slike skogslunger ekstra viktige å ta vare på. Her er ein skog som ligg sentralt, som folk kan koma til utan å kjøre. Pyttaskogen saman med Jernbaneskogen er så liten at ei oppdeling vil redusere bruksverdien. Dei føreslår at omkøyringsvegen blir lagt utanom.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 33, journalpost 14/7554.
80	14/8268	Alf Henning Haukeland	Haukeland ønskjer å nytte høvet til å kome med nokre nye idear og tankar rundt tema som bustadbygging, jordvern og jorddyrkingsfond.	<b>Merknaden tas til orientering.</b> Spørsmålet om jorddyrkingsfond er vurdert tidlegare både av Hå kommune og andre. Det er ikkje lovleg heimel for å innføre eit slik fond.
81	14/8269	Sveinung Haaland	Haaland viser til at gnr. 76 bnr. 33 er tenkt innafor langsiktig grense mot landbruk. På hans eigedom gnr. 76 bnr. 584 står det eit gjødselslager, heilt i grensa mot framtidige utbyggingsplanar. For å få ei beinare linje frå Solheimfeltet og rundt gnr. 33, samt for å eliminere konflikta med gjødsellageret, ønskjer Haaland å flytte framtidig byggegrense som vist skravert i vedlagte kart.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Eigedommen ligg i kjerneområde for landbruk som skal bevarast med langsiktig grense for landbruk. Langsiktig grense bør ikkje endrast.
82	14/8279	Optimera AS v/Henning Berge	Merknaden gjeld utvikling av eigedom gnr. 44 bnr. 13 på Varhaug. Optimera ønskjer å spele inn	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Eigedommen ligg innanfor kjerneområde for landbruk

			<p>forslag til nytt bustadområde.</p> <p>Området utgjør størstedelen av eigedom gnr. 44 bnr. 13 og er omlag 25 dekar stort. Knappt 23 dekar er fulldyrka jord. Området grenser til friområde i sør og ligg på begge sider av jernbanetraseen nord for Varhaug. Bru over jernbanen bind saman aust- og vestsida av eigedommen. Eksisterande busetnad langs Lerbrekkvegen er føresett behalden. Området er LNF-område i kommuneplanen og er innanfor kjerneområdet for landbruk. Likevel fannar tomte mange av fordelane eit utviklingsområde kan ha: kompakt tettstadsutvikling, nærleik til jernbanen, etablert tenestetilbod, nærleik til overordna vegnett, natur- og kulturverdiar og nærleik til grøntområde.</p>	<p>som skal bevarast med langsiktig grense for landbruk. Ei utbygging her vil vere i strid med nasjonale og kommunale mål. Eigedommen er LNF-område og bør ikkje omdisponerast til bustadområde.</p>
83	14/8282	Vennelaget for Lensmannsgarden v/Jon Harald Håland	<p>Vennelaget for Lensmannsgarden vil med dette vise til tidlegare planar for å utvide parkeringskapasiteten for Lensmannsgarden - barnehagen og Lensmannsgarden, sør for Buevegen ( Fv 504). Vennelaget ber om at parkeringsarealet blir tatt inn i kommuneplanen.</p>	<p><b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Arealet på sørsida av Buevegen ligg innafor langsiktig grense, men er ikkje disponert for utbygging i planperioden. Området må planleggjast og utbyggast under eitt. Utviding av parkeringskapasiteten for Lensmannsgarden må med det vurderast i detaljplanlegging når det er behov for å ta området i bruk til utbyggingsformål.</p>
84	14/8283	Ole K. Bø	<p>Bø har merknader til ny kommuneplan som gjeld hans eigedom på Bø, gnr. 26 bnr. 12. Byggegrense og veg i aust bør tilpassast</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Ny omkøyringsveg aust for Nærbø er drøfta tidlegare i</p>

			terrenget. Vegen vil kome nær den gamle kyrkjegarden. Det vil blir stor høgdeforskjell frå vegen og opp til kyrkjegarden. Gangsti i grøntareal som kryssar eigedom bør leggjast langs grøntområdet på gnr. 26 bnr. 10.	planprosessen. Ny omkøyringsveg blir planlagt etter ei linjeføring vedtatt 8. oktober 2013 i forbindelse med KPU-sak 034/13. Langsiktig grense mot landbruksområda skal følgje den nye vegen. Arealdelen er ikkje meir detaljert enn nødvendig. Tilpassing til terrenget og tilpassing av gangsti må vurderas i detaljplanlegging.
85	14/8307	Aud Marie Heggås og Beate Heggås	Viser til merknad journalpost 14/7938 og vil trekke tilbake klagen på kommuneplanen på grunn av riving av Langgata 90.	<b>Merknaden tas til orientering.</b>
86	14/8356	Jan-Erik Reime Ueland	Ueland har følgjande merknader til planen: Ueland er i utgangspunktet negativ til at det tas jord og at det deler garden hans i to. Viss det må tas, så må det gjerast slik at det heng saman, og slik at driftsgrunnlaget ikkje blir øydelagt. Det hindrar også tilkomst til eigedommen. Ueland ønskjer at viss det skal tas noko, så må arealet som er farga blått i vedlegget tas.	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Det er behov for å sikre nye areal for vidare utvikling av næringsmiddelindustriområde, for å styrke vidare vekst og samlokalisering av næringsmiddelindustri i kommunen. I den forbindelse er det behov for et areal for mindre etableringar i Kviamarka. Arealet Ueland foreslår tatt i staden er langt og smalt og dermed mindre eigna for å utforme hensiktsmessige næringstomter.
87	14/8779	Johnny Wetteland	Merknaden er kome inn i samband med reguleringsplanarbeidet på Brusand. Veg frå Stokkelandsmarka til fv. 44 er planlagt inntil bustadområdet på Brusand. Forslaget vil gi auka støy, nokon vil miste eigedommane sine og det må tas omsyn til grunnvasstanden. Ny veg blir lagt nord for arkeologisk område, vegen bør helst	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b> Denne vegtraseen har vore gjennom ein lang og omfattande utgreiings- og vedtaksprosess. Etter rådmannens vurdering er det ikkje grunnlag for endring av denne nå. Grunnvassproblematikken må løysast som ein del av detaljplanlegginga.

			gå frå industriområdet og ut ved Friestad.	
88	14/8782	Magnus og Alette Wetteland	<p>Merknaden er kome inn i samband med reguleringsplanarbeidet på Brusand.</p> <p>Forslag: Stokkalandsmarka skulle hatt vegen mykje lenger nord. Ned med industriområde som allereie eksisterer på Vigrestad.</p>	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b>
89	14/8783	Martin B. Brunes og Else Jorunn Brunes	<p>Merknaden er komen inn i samband med reguleringsplanarbeidet på Brusand.</p> <p>Brunes vil som grunneigarar og bebuarar i Kvermestien 26 protestere sidan det vil rasere deira eigedom. Dei foreslår at det blir arbeid for det nordlege alternativet for ny fv. 133.</p>	<b>Merknaden tas ikkje til følgje.</b>
90	14/8784	Laila O. Friestad og Roald Friestad	<p>Merknaden er kome inn i samband med reguleringsplanarbeidet på Brusand.</p> <p>I forslag til ny veg for Stokkalandsmarka er ny innkøyring til hyttefelt og deira eigedom gnr. 108 bnr. 69 fjerna. I førre forslag var det eit krav frå vegvesenet at eksisterande avkøyring skulle stengast og flyttast til avkøyringa ved fotballbanen. Denne løysinga ville vore best sikkerheitsmessig.</p> <p>Dersom nytt alternativ skal nyttast, må Hå kommune få avklart med vegvesenet i forkant at dette ikkje vil hindre framtidig utnytting/fortetting av vår eigedom, eventuelt oppføring av fritidsbustad etc.</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Den løysinga for vegtilkomst til hyttefeltet på Steinabakken som låg inne i førre planalternativ, ville medføre ein lang ny veg gjennom LNF-området. Det er ein stor fordel om nå Steinabakken kan kome direkte ut på fv 44 utan slik ny veg. Elles må detaljane i dette avklarast gjennom behandlingane av dei to reguleringsplanane, den for ny Fuglestadveg og den for Steinabakken.</p>

91	14/8847	Fiskeridirektoratet region Sør	Det kjem fram at forslaga vil gjelde arealbruk på land, og at det i forhold til tidlegare plan ikkje er endringar i forhold til fiske- og gyteområde. Fiskeridirektoratet region Sør kan ikkje sjå at forslaget har konsekvensar for dei interessene dei skal ivareta, og har derfor ingen merknader.	<b>Merknaden tas til orientering.</b> Sjå kommentar til nr. 18, journalpost 14/6693.
92	14/8942	Hå idrettsråd v/Iris Odland Knutsen	Hå Idrettsråd støtter Nærbø IL sitt innspel om å ikkje ha veg gjennom «Pyttaskogen».  Hå Idrettslag vil poengtere kor viktig det er å legge til rette for idrett og mosjon på området, og at det blir sett av nok areal med tanke på folkeveksten.	<b>Merknaden tas ikkje til følge.</b> Sjå kommentar til merknad nr. 33, journalpost 14/7554.
93	14/9040	Optimera AS v/Henning Berge	Optimera ønsker å spele inn forslag til nytt bustadområde på delar av eigedom gnr. 54 bnr. 2. Området utgjer omtrent ein tredel av eigedommen og er ca. 47 dekar. Det meste av arealet er fulldyrka jord. Området inkluderer dagens gardstun. Eksisterande bustader blir behaldne mens driftsbygningar og reiskapshus kan rivast. Området er i sin heilskap regulert som LNF-område i gjeldande kommuneplan. Den aktuelle tomte har dei fleste fordelane eit utbyggingsområde kan ha: kompakt tettstadsutvikling, nærleik til jernbanen, innafor langsiktig grense for jordbruk, etablert tenestetilbod, nærleik til overordna vegnett,	<b>Merknaden tas ikkje til følge.</b> Området ligg innafor langsiktig grense mot landbruk, men blir i perioden 2013-28 oppretthaldt som LNF-område. Det er gjort grundige vurderingar av bustadpotensialet og bustadbehovet for Varhaug i eit 40-årsperspektiv. Bustadarealbehovet i planperioden er 26 daa. Fagleg grunngjeving er at kommunen bør vere tilbakehalden med å omdisponere LNF-område, og kommunens befolkningsframskrivingar tyder på at kommunen ikkje har behov for nye område til bustadformål ved denne kommuneplanrevisjonen.

			natur- og kulturverdiar og nærleik til grøntområde.	
94	14/9216	Time kommune v/Yvonne van Bentum	<p>Time ser at Hå kommune har ein del av dei same utfordringane som dei, t.d. når det gjeld ein høg folkevekst, kor gruppa 66 år og eldre aukar forholdsvis mest, å sikre gode bu- og nærmiljø når tettstadene skal fortettast, samt at omsynet til jordvern skal ivaretakast, m.m.</p> <p>Dobbeltspor som vil kome vil gjere avstanden mellom kommunane våre «mindre», og Time kommune ønskjer – der det er aktuelt – å samarbeide om desse utfordringane.</p>	<b>Merknaden tas til orientering.</b>
95	14/10317	Statens vegvesen	<p>Statens vegvesen fremjar <b>motsegn</b> mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Statens vegvesen fremjar motsegn mot ny vist tilkomst frå fv. 181 til Gausland næringsområde. Dei aksepterer bare éin tilkomst frå fv. 181.</li> <li>• Statens vegvesen krev at det blir regulert inn g/s-veg langs heile omkøyringsvegen på Vigrestad mellom Grønholsvegen og Rundvegen/Langgata. Dei fremjar motsegn om dette ikkje blir gjort.</li> <li>• Statens vegvesen fremjar motsegn mot manglande rekkefølgekrav knytt til utbygging av Stokkalandsmarka. Dei krev at det blir lagt inn eit rekkefølgekrav som seier at</li> </ul>	<p><b>Merknaden tas til følgje.</b></p> <p><b>Merknaden tas til følgje.</b></p> <p><b>Merknaden tas til følgje.</b></p> <p>Med ei opning for å bygge 330 bustadar i Stokkalandsmarka, dvs. 6 års bustadbygging, gir dette rekkefølgekravet kommunen, etter rådmannens</p>



			<p>maksimalt 330 bueiningar kan etablerast før ny vegforbindelse med tilhøyrande g/s-vegssystem frå Stokkalandsmarka ned til fv. 44 nord for Brusand er etablert. Dei krev vidare at det blir lagt inn eit rekkefølgjekrav som seier at vidare utbygging av næringsområdet ikkje kan skje før ny vegforbindelse frå Stokkalandsmarka ned til fv. 44 nord for Brusand er etablert.</p> <p>Statens vegvesen gir <b>faglege råd</b> og <b>innspel</b> om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ut frå omsynet til trafikktryggleik anbefaler dei at alternativ B blir lagt til grunn ved utviding av Nærbø kyrkjegard.</li> <li>• Statens vegvesen går ut frå at varsle g/s-veg langs fv. 44 mellom Bogsdalen og Varden blir regulert inn, og at vist g/s-vegtrasé blir fjerna frå plankartet.</li> </ul>	<p>vurdering rimeleg tid til vurdering og avklaring av utbygging av det overordna vegnettet. Spørsmålet om justering av kravet kan då vurderast ved neste revisjon av kommuneplanen.</p> <p>Rekkefølgjekravet for næringsområdet ligg inne i gjeldande kommuneplan og i gjeldande reguleringsplan. Forslag til reguleringsplan for ny veg fv. 44 – Stokkalandsvegen er nå lagt ut til offentleg ettersyn og kan venteleg sluttbehandlast til hausten i år, med forventa byggstart i 2015. Rådmannen vil med det tilrå at motsegna blir tatt til følge.</p> <p><b>Merknaden tas til orientering.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 12, journalpost 14/4984.</p> <p><b>Merknaden tas ikkje til følge.</b></p>
96	14/11098	Utval for opplæring og kultur	Saka vert teken til orientering.	<b>Merknaden tas til orientering.</b>
97	14/1110	Utval for tekniske saker og næring	Forslag til kommuneplan for Hå 2013-2028 vert teke til etterretning.	<b>Merknaden tas til orientering.</b>
98	14/11101	Partsamansett utval	Astri Karin Hølland hadde følgjande merknad:	<b>Merknaden tas til orientering.</b>

			<p>«Innbyggerråd vil presisere at eldre og uføre ikke må bli glemt. Kommuneplan side 36. Fagforbundet at bemanningen blir deretter. I dag er det minimumsbemanning på noen avdelinger. På side 31 og 32 bedre samarbeid med organisasjoner er positivt»</p> <p>Partsamansett utval vedtok at «forslag til kommuneplan for Hå 2013-2028 vert teke til etterretning».</p>	Når det gjeld merknaden om eldre og uføre, sjå kommentar til merknad nr. 3, journalpost 14/2867.
99	14/12211	Rogaland fylkeskommune	<p>Fylkesutvalet fremjar <b>motsegn</b> mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Fylkesutvalet fremjar motsegn mot planens føreslåtte avstandskrav mellom bustader og sandleikeplass. Avstandskravet må endrast frå 100 til 50 m slik Regionalplan for Jæren viser for maksimal avstand mellom bustad og sandleikeplass.</li> <li>Fylkesutvalet fremjar motsegn mot utviding av masseuttak ved Varden, namngitt med Brusand og Oгна, grunna konflikt med svært viktig naturtype, inkludert eit større tjern.</li> </ul>	<p><b>Motsegna tas ikkje til følgje.</b></p> <p>Ein viktig del av kommuneplanen med medfølgjande grøntplan er å auke kvaliteten og tilgangen til friområde og grøntdrag i tettstadene. Det er òg viktig å ha uteopphaldsareal og leikeplassar som blir godt vedlikehaldne og som er attraktive for dei aktuelle brukargruppene. Det er derfor lagt vekt på at det skal etablerast gjennomgåande grøntdrag og at leikeplassar i størst mogleg grad skal plasserast i eller i tilknytning til grøntdraga. Det er då vanskeleg å ha nærleikeplassar med maks 50 meter gangavstand.</p> <p><b>Motsegna tas til følgje.</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 69, journalpost 14/8211, Fylkesmannen i Rogaland.</p>

- Fylkesutvalet viser til administrative motsegner og merknader som gjeld kulturminne, og ber om at desse blir ivaretatt i endeleg plan.

#### **Den administrative motsegna tas til følgje.**

Fylkesrådmannen har fremma administrative motsegner til manglande markering av automatisk freda kulturminne, tilvisingar i teiknforklaringa og føresegner knytt til automatisk freda kulturminne.

Rådmannen anbefaler at automatisk freda kulturminne skal visast med SOSI-kode H730, enkeltminne kan markerast med rune-R der det går fram av teiknforklaring at rune-R markering er å rekna som bandleggingssone H730. I teiknforklaringa for automatisk freda kulturminne, markert som omsynssone, tas det med ei tilvising til Lov av 9 juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminneloven).

Rådmannen anbefaler også følgjande forslag til føresegner for automatisk freda kulturminne:

1. «Omsynssone for automatisk freda kulturminne (H730). Områda er freda i samsvar med Lov om kulturminner av 1978, jf. § 4.

Det er ikkje tillete å utføre tiltak eller arbeid innanfor desse områda utan løyve frå kulturstyresmaktene, jf. kulturminnelovens §§ 3 og 8. Automatisk freda kulturminne som ligg innafør områda vist som utbyggingsområde (busetnad og anlegg, samferdsel og teknisk struktur) skal søkast bevart gjennom omsynssoneregulering i kombinasjon med grøntområde/friområde eller liknande i framtidig område/detaljplan. Det skal i

forbindelse med framtidig reguleringsarbeid utarbeidast skjøtselsplan for det arealet som blir avsett til omsynssone kulturminne innanfor avsett planområde.

Alle område vist som rune-R i kartgrunnlaget skal reknast som omsynssone H730, område verna med heimel i kulturminneloven».

2. «Før område- og detaljplanar kan bli vedtatt, vil kulturminnestyresmaktene vurdere om foreslått arealdisponering vil føre til konflikt i forhold til automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelovens §§ 3, 8 og 9. Dette gjeld alle område i kommuneplanen som ikkje tidlegare er frigitt av kulturminnestyresmaktene.

Tiltak unntatt det generelle plankravet skal sendast kulturminnestyresmaktene for vurdering i samsvar med Lov om kulturminner §§ 3, 8 og 9.

Dette gjeld også for tiltak innanfor formåla grønstruktur og LNFR.

Det er i tillegg fremja administrativ motsegn mot ny gang-/sykkelveg fv 131, KU 7 Hovudkart. Tiltaket kjem i konflikt med eit automatisk freda kulturminnefelt med id 14414. Rådmannen anbefaler at motsegna tas til følgje og gang-/sykkelveg som kjem i konflikt med automatisk freda kulturminnefelt tas ut av planen.

Fylkesutvalet gir **faglege råd** og **innspel** om:

- Konsekvensutgreiing med alternativ vurdering av utbyggingsstrategiar skal inngå som del av det lovpålagte utgreiingsarbeidet knytt til kommuneplanar. Fylkesutvalet saknar konsekvensutgreiing av ein alternativ utbyggingsstrategi der hovudprofil bør vere reduksjon av transportbehov og klimagassutslepp. Fylkesutvalet ber Hå kommune gjennomføre konsekvensutgreiing av ein slik alternativ utbyggingsstrategi.
- Fylkesutvalet er positive til planane om flytting av jernbanestasjonen frå Brusand og nærare Stokkelandsmarka, noko som vil bidra til å sikre gode kollektivløysingar i Stokkelandsmarka. Avsett område til senterfunksjonar i Stokkelandsmarka blir føresett detaljplanlagt gjennom ei områderegulering på eit seinare tidspunkt.
- Fylkesutvalet gir fagleg råd om at føreslått senteravgrensing for Nærbø, Varhaug og Vigrestad blir grunnlagt, jf. regionalplanens kapittel om senterstruktur og handel. For

**Merknaden tas ikkje til følgje.**

Val av utbyggingsstrategi var ein viktig del av den politiske drøftinga i forkant av utforming av endeleg planforslag. Utbyggingsstrategien er basert på ei samling av utbygginga i stasjonsbyane, med sterk fortetting og utbygging av jærbanen med dobbelspor for å gi eit godt kollektivtransporttilbod. Det politiske fleirtalet valde å dempa veksten og nedbygging av landbruksjord innafor kjerneområde landbruk og i staden satse på ei auka utbygging i sør, særleg i Stokkelandsmarka. Rådmannen kan ikkje sjå at ei eiga konsekvensvurdering om desse tema i vesentleg grad kan få konsekvensar for dette valet.

**Merknaden tas til orientering.**

**Merknaden tas til orientering.**

Rådmannen meiner at ei slik senteravgrensing best kan behandlast som del av ein meir detaljert plan for dei ulike sentrumsområda i tettstadene.

Nærbø og Vigrestad blir det rådd til å fastsetje maksimal grense for handelsareal, basert på ein konkret handelsanalyse, jf. regionalplanens pkt. 4.6.

- Fylkesutvalet meiner den lokale avveginga må vere avgjerande for val av alternativ i høve til utviding av Nærbø gravplass. Ei utviding mot sør blir vurdert til å vere mest uheldig då arealbruken inneber varige gjensidige naboskapsulemper i staden for å førebyggje at dette oppstår.
- Fylkesutvalet ser på planføresegna om å tillate gardsvindmøller som ugyldig, då ho ikkje tilfredsstiller lovens krav til kartfesting og omfangsavmerking. Lovens krav om konsekvensutgreiing er heller ikkje oppfylt. Føresegna må tas ut av planen.
- Fylkesutvalet ser på området aust for Oгна, med arealformål masseuttak og påskrift «Mogleg masseuttak», å vere utan rettsverknad, då området ikkje er konsekvensutgreidd. Arealformålet bør erstattast av LNF-formål i plankartet.
- Fylkesutvalet ber om at påpeikte karttekniske manglar og merknader til planens føresegner blir gjennomgått og supplert i tråd med

**Merknaden tas til orientering.**

**Merknaden tas til følgje.**

**Merknaden tas til orientering.**

Etter rådmannens vurdering er det viktig at det ikkje blir gjennomført tiltak som i framtida kan vanskeleggjera ei kommersiell utnytting av desse sjeldne anortositforekomstane.

**Merknaden tas til følgje.**

kommentarane i saksutgreiinga.

- Fylkesutvalet ber Hå kommune innarbeide retningslinjer for freda nyare tids kulturminne vist som omsynssone D.

- Fylkesutvalet ber Hå kommune vurdere å vise nyare tids kulturminne i verneklasse A som omsynssone C med retningslinjer.

**Merknaden tas til følge.**

I generelle føresegner blir det bare nemnt automatisk freda kulturminne, og ikkje noko om nyare tids kulturminne som er freda ved vedtak etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminneloven) §§ 15 og 19. For Hå kommune gjeld dette Obrestad fyr (gnr 10 bnr 2) og Obrestad hamn (gnr 11 bnr 20). Desse blir vist som bandlagt etter kulturminneloven (§ 11.8 d med SOSI-kode H730). Rådmannen anbefaler følgjande retningslinjer til omsynssoner for bandlegging etter Kulturminneloven:

1. Obrestad fyr og Obrestad hamn er freda i samsvar med vedtak gjort etter lov om kulturminner av 1978 §§ 15 og 19, og omfattar bygningar og område rundt.

Det er ikkje tillate å utføre tiltak eller arbeid innanfor desse områda utan løyve frå kulturstyresmaktene (Rogaland fylkeskommune), jf. kulturminnelovens §§15 jfr. 15a og 19.

**Merknaden tas delvis til følge.** Rådmannen anbefaler at alle 24 A-objekt og 16 anlegg/kulturminne i museumsvern/offentleg vern frå kommunen sin kulturminnevernplan blir vist som omsynssone C med SOSI-kode H570 – Objekt i kommunen sin kulturminnevernplan og merka med K. Rådmannen anbefaler følgjande retningslinjer for verneverdige

bygningar og kulturmiljø og omsynssone C:

1. Objekta som blir omfatta av kommunen sin kulturminnevernplan (markert med K) skal søkast bevart, og blir ikkje tillate rivne. Føresegner i gjeldande kulturminnevernplan er retningsgjevande for kommunens forvaltning for alle tiltak som gjeld område og objekt i nemnte kulturminnevernplan. Objekt i omsynssone C blir merka med K.
2. Før rivning, ombygging eller fasadeendring på jærhus eller andre SEFRAK-registrerte bygningar vurdert til verneklasse A og B blir avgjort, skal det hentast inn uttale frå kulturvernet i Hå og Rogaland fylkeskommune.

I tillegg anbefaler rådmannen at følgjande gamle skulehus, krigsminne og kyrkjer blir vist som omsynssone C med SOSI-kode H570 – Objekt i kommunens kulturminnevernplan og merka med K.

Gamle skulehus: LERBREKK 1865, STAVNHEIM 1869, FUGLESTAD (Bjelland bedehus) 1880, HOLMANE 1880, AUESTAD 1882, RUGLAND 1903, OPSTAD 1904, GUDMESTAD 1930.

Krigsminne: VEDAFJELL, Sirevåg, HITLERTENNENE, Brusand, KRIGSMINNE, Hanabergminna – KRIGSMINNE, Obrestad fyr, KRIGSMINNE, Ueland-området.



Kyrkjer: Nærbø kyrkje og prestebustad, Skjerpe: Frå 1834 (Lindstow) (verna), Varhaug kyrkje, Odland: Frå 1904/05 (Echhoff) (listeført), Ogn kyrkje: Ny kyrkje i 1995 med restane frå middelalderkyrkja (1250) (freda).

Rådmannen anbefaler å ta med retningslinjer om omsyn som skal tas til bevaring av eksisterande bygningar og anna kulturmiljø (§ 11-9 nr. 7):

1. Jærhus bør bevarast. I byggesaker der jærhus er integrerte i saken skal ein godta «3 hus på garden».
2. Faste kulturminne som lødde steingardar skal i størst mogleg grad bevarast som historieforteljande element for ettertida. Steingardar i eigedomsgrenser bør ikkje byggast ned eller fjernast.
3. Krigsminne bør som hovudregel ikkje fjernast. Dersom dette likevel blir aktualisert gjennom planarbeid eller byggesaker er kommunens kulturvernaving, landbruksaving og Rogaland fylkeskommune høyringsinstans.
4. Nærbø og Varhaug kyrker er listeførte av Riksantikvaren. Forvaltninga av listeførte kyrkjer, kyrkjegardar og kyrka sine omgjevnader skal skje i samsvar med rundskriv T.3/2000 frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Miljøverndepartementet.

Ved søknad om å oppføre bygning nærare listeført

- Fylkesutvalet ber Hå kommune innarbeide generelle føresegner om kulturminne.

I tillegg har fylkesrådmannen peika på enkelte tekniske feil knytt til kartproduksjonen:

Det blir vist fleire ulike omsynssoner på arealkartet, inkludert soner for bandlegging etter anna lovverk. Kartet er påført kodenemningar, men i teiknforklaringa er det ikkje oppgitt kva for omsyn dei ulike kodane skal visa.

kyrkje enn 60 meter i spreidd bygd område, skal søknad sendast Rogaland fylkeskommune for uttale.

#### **Merknaden tas til følgje.**

Rådmannen anbefaler følgjande retningslinjer om estetikk (§11 – 9 nr. 6):

1. Tiltak som gjeld eit kulturminne eller kulturminnet sine omgjevnader, skal prosjekterast og utførast slik at det har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Dersom tiltaket gjeld verneverdige eller freda kulturminne eller kulturmiljø, skal sak sendast til kommunal og regional kulturminneforvaltning til uttale.

Kulturminne må sjåast i samanheng med omgjevnadane, og ved ny bustadbygging og anlegg i nærleiken av kulturminne bør ein søka tilpassing i samspel med naturgitte forhold, kulturlandskapet og byggeskikken på staden.

**Merknadene knytt til karttekniske manglar tas til følgje.** Rådmannen anbefaler at dette blir løyst ved å vise SOSI-koden for kvar type omsynssone i teiknforklaringa, slik det samsvarar med kartet.

			<p>For 3 dyrefredingsområde (fugleliv) framstår areala i sjø som uspesifisert «Bruk og vern av sjø..» inne i Jærstrendene landskapsvernområde. Her ser det ut til at bandleggingsskravuren har falt ut.</p> <p>Langsiktig grense mot landbruk er vist som linjesymbol med nemninga «Byggegrense». Dei meiner linjesymbolet må nemnast som «Langsiktig grense mot landbruk».</p>	<p><b>Merknadene knytt til karttekniske manglar tas til følge.</b> Rådmannen anbefalar at det blir lagt inn bandleggingssoner for dei 3 oppmerka dyrefredingsområda.</p> <p><b>Merknadene knytt til karttekniske manglar tas til følge.</b> Det finnst ikkje objekttypar med denne teksten. Rådmannen anbefalar at teksten «Byggegresne» i teiknforklaringa blir bytta ut med «Langsiktig grense mot landbruk», men at i SOSI-fila vil den koma opp som byggegrense.</p>
100	14/16413	Fylkesmannen i Rogaland	<p>I deira omtale av nytt masseuttak på Brusand, skreiv dei: «Under synfaring med kommunen den 12. februar registrerte vi at masseuttaket, som er foreslått i nord, var i full drift. Kommunen må snarast krevje at tiltakshavar stansar dette arbeidet, og følgje opp det ulovlege arbeidet som er gjort.». Fylkesmannen beklagar at dei har kome med feil påstandar, og ber kommunen sjå bort frå det dei skreiv (sitert over). Dei vil understreke at deira motsegn til nytt masseuttak på eigedommen ikkje var påverka av deira feilaktige slutningar om ulovleg arbeid, og at motsegna framleis gjeld.</p>	<p><b>Merknaden tas til orientering</b></p> <p>Sjå kommentar til merknad nr. 69, journalpost 14/8211, Fylkesmannen i Rogaland.</p>